Tillegg til Norsk folkekultur 3, 1918.

TOV FLATIN

GAMALT FRAA NUMEDAL

III



RISØR
FORLAGT AV ERIK GUNLEIKSON
1918

GAMALT FRAA NUMEDAL

III

TOV FLATIN:

GAMALT FRAA NUMEDAL

III



RISØR
FORLAGT AV ERIK GUNLEIKSON
1918

Prenta hjaa Erik Gunleikson — Risør.

FYRIORD

Hermed sender eg ut tridje samlingi av „Gamalt fraa Numedal". Aalage mitt har vori aa samla det, eg vinn over, og som enno er att av gamle folkeminne i dalen. So lyt det bli andre si sak aa taka det fyri seg vitskapleg. Eg nemnar dette, fordi eg veit, det kann vera mykje aa segja paa skipingi av emne, t. d. i bolken „Gamall tru" i dette bande.

Frk. *Anne O. Bjørnsrud,* Flesberg, *Gregar Bjørnsrud,* Uppdal og *Paal Lindtveit,* Nore, har hjelp meg med noko tilfang til denne samlingi. Takk skal dei ha.

Lyngdal i Numedal 20. novbr. 1917.

T. F.

Gamall tru.

Menneskjelikamen.

1. Stort hovud og lite vit. (Aalment).

2. Raudt haar og furuskog veks ikkje i god jord. (Aalment.)

3. Naar du har *klipt haare* av deg, skal du brenne det upp. Fær fuglane tak i det og flyg avgarde med det, bli du snart snaud i skallen. (Lyngdal.)

4, Den, som har langt haar, fær djupe sorgir. (Uppdal.)

5. „Enn faar kje døy, før'n har ete opp ett punn mæ haar," sa gamle Ketil Buine. (Lyngdal.)

6. Den, som er *brunøygd*, er sinna av seg, (Aalment.)

7. *Klæjar* ein i høgre auge („glæar-auge") bli ein glad; men klæjar ein i vinstre auge („graatar-auge"), kjem ein til graate. (Flesberg, Uppdal o. fl.)

8. Klæjar ein i *nasane* („har haug," Flesberg; „har hugen," Nore og Uppdal), so kjem det folk. Naar ein klæjar i høgre nasebòre, har ein karmannshug, og daa kjem det ein kar; klæjar ein i vinstre nasebòre, har ein kvinnfolkhug, og daa kjem det eit kvinnfolk. Men

so er det sume karar, ein har kvinnfolkhug for, og for sume kvinnfolk har ein karmannshug. (Flesberg, Nore og Uppdal.)

9. *Nys* ein om morgonen, med same ein har paa seg klædi, so kjem det folk. (Uppdal.)

10. *Nys* ein naar ein lagar til mat, kjem framande til eta av'n. „Naa naus je gjestir i suppa!" (Lyngdal.)

11. Den, som har breide fram*tennar,* er godhjarta. (Uppdal.)

12. Naar borni felte *tennar,* maatte dei setja tonni inn i ei veggjerive og segja: „Mus, mus, gje' me' att ei beintaann i sta'n før ei gulltaann!" (Uppdal.)

13. Naar ein bit seg i *tunga,* kjem der ein som er svoltin. (Uppdal o. fl.)

14. Fær ein blæme paa *tunga* (ljugarblæme"), bli ein løgin paa. (Flesberg, Uppdal o. fl.)

15, Naar en *hikstar,* bli ein tala um. „Naa gjet dømm mei heime." (Flesberg o. fl.) Hikstar ein vondt, bli ein tala væl um. (Uppdal.)

16. *Klæjar* ein i høgre *øyre,* fær ein ros, men klæjar ein i vinstre, bli ein lasta. (Uppdal, Flesberg.)

17. *Ringjer* det for *øyro* paa ein, kann ein faa det ein ynskjer seg, dersom ringingi sluttar med same, ein har sagt ynskje sitt. (Uppdal.) — Naar det ringjer for øyro paa ein, spyrrs det snart dødt. (Nore.)

18. Naar ein *klæjar* i høgre *loven,* kjem ein til helse, klæjar ein i vinstre, fær ein pengar. (Uppdal o. fl.)

19. Den, som har mange og djupe *linur i handi* ved tumarsfingen, fær mange og djupe sorgir. (Uppdal.)

20. Den, som er kitlug paa *knee,* bli aabrying med kjerringi si. (Aalm.)

21. Naar ein *klæjar* under høgre *foten*, kjem ein frami ein fals kar; klæjar ein under vinstre, kjem ein ut for eit fals kvinnfolk (Uppdal.)

22. *Klæja* dei under *foten*, hadde dei „bjønnehugen“. Daa var bjørnen etter krøteri i skogen. (Nore.)

23. Naar ein fær *kvite flekker paa neglane*, er det merke paa, ein skal faa ei gaave. Sit flekkine langt innpaa, bli det eit bil, fyrr ein fær 'o; sit dei heilt uti kanten, bli det snart. (Lyngdal.)

24. Naar ein *klypper av seg neglane*, maa ein brenne dei upp, elles fær sauine „næggeln“ paa augo. „Næggeln“ er ei kvit hime, liksom ein negl, som dreg seg over auge paa sauine. Dei bruka aa blaase inn i augo paa dei, til aa faa „neggeln“ burt. (Lyngdal.)

25. Du maa aldri *sko deg* fyrst paa vinstre foten. (Uppdal.)

26. Du maa aldri *pisse* i nord, naar du kjem ut um morgonen. (Uppdal.)

Mennesjelive.

1. *Fremmelege kvinnfolk* maa vara seg og ikkje sjaa paa (daude) harar, for daa bli baane haramynnt. Difor skal ein aldri leggje fraa seg harar, fyrr ein har skori skallen eller snuten av dei. (Lyngdal o. fl.)

2. *Fremmelege kvinnfolk* maa kje vera med i slagtingi. Sprutar det blod paa dei, fær baane fødsleflekkir. Fær dei blodflekkir paa seg, maa dei med det sama taka seg med handi paa ei stelle, som er gøymd av klædi, for der bli flekkine sitjande.

Ei kjerring her i bygdi slo eit blodfat nedover sida si. Baane, ho gjekk med, fekk fødsleflekkir etter heile eine sida, so det var, som det var blodrese. (Lyngdal.)

3. Tek eit *fremmelegt kvinnfolk* uvarande i eitkvart livande, fær baane ein fødsleflekk som liknar det dyre, mori tok i.

Ei kjerring burti Sigdal tok i ei mus, men med same greip ho seg bak i homarsboti. Paa sama stella fek baane ei mus. (Lyngdal.)

4. *Fremmelege kvinnfolk* maa kje drepa orm, for daa fær baane, dei gjeng med, ormeham. (Lyngdal.)

5. Naar ein har vovi ned veven, og ei snart skal ha *lite*, so kann ein *sjaa um det bli gjente eller gut.* Daa maa ein ride skilspildrune tri vendur rundt stogo eller vrangsøles rundt stoguhella og halde att augo. Er den, ein daa fysst ser, karmann, so bli det gut; ser ein fyrst eit kvinnfolk, bli det gjente. (Vegglid.)

---

6. Med same eit *baan var født,* so skulde det *vigslast* med eld. Dei tende varme i ein flatbraud-mole og svinga med den over hovude paa baane. (Flesberg.)

7. Fysste gongen, *baane vart reiva*, og seinare au, maatte det vera sauma inn noko sylv i „lista“, helst ervesylv, men det gjekk an med ei sylvskilling au — eit markestykke eller ein tolvskilling — og ein sylvring i baaneluva vart haldi aa vera ei trygd. (Flesberg.)

8. Naar *baane var reiva,* skulde dei tenne varme i ein braudmole og fara med den rundt ikring det og so etterpaa stinge ei naal eller ei sneis gjenom braudmolen og smetta han innmed reiven. (Flesberg.)

9. *Jolekvelden* skulde dei brenne ein braudmole og *svinge over vogga* der det laag smaabonn. Alt dette maatte gjerast, elles kunde huldri koma og byte baane til seg. (Flesberg.)

10. Ved og vatn maatte dei ikkje bera inn, etter *soli var gladd,* der det var nyfødde bonn i huse, ellest kom det *svek* paa baane — det vart klenhelsa. (Flesberg.)

11. Det var dei au, som hadde *ein kniv* eller eit anna staalstykke standande over sengi eller vogga, der det laag udøypte bonn. (Flesberg.)

12. Dei, som er fødd med *„Siggelluve“* (Sigerluve) bli lukkelege. Gøymer dei skinne, so kjem det til gange dei godt, og dei fell ikkje i krigen. (Uppdal, Lyngdal.)

13. Bonn, som *søv med halvopne augo,* skal koma til drukne (Aalmennt.)

14. Naar eit baan er *meir enn vanlegt tungt,* veks det kje upp. „Dæ bli enn liten jorklomp a den gutten.“ (Flesberg.)

15. Bonn, som ligg og *stirer mykje* att over seg i vogga, veks ikkje upp. (Flesberg.)

16. Ein trong ikkje vaske bonni um kvelden, for um notti kom *Løkjinn* og vaska dei. (Lyngdal.)

17. Naar *bonni hòpar,* „visar dømm far aa mor te hælvete“. (Lyngdal.)

18. Baane kjem til bli *likt den det heiter etter.* „Han likjes den ’n ’eiter etter.“ (Flesberg o. fl.)

19. Naar ei gjente er fæl til aa *skvette ned vatn* og anna rennande, fær ho ein drikkar til mann. (Flesberg.)

20. *Jonsok-kvelden* skal ein gaa burt i eldhuse og *strøye oske paa braudtakka,* og so svive ut eit lite bil. Naar ein kjem innatt, stend namne aat den, ein vert gift med, skrivi i oska. (Uppdal.)

21. *Jonsok-kvelden* skal ein *gaa baklengjest til ein bekk,* som renn i nord, og so skal ein ta bakum seg etter ein stein. Er den steinen, ein raakar, jordfast eller so tung, at ein ikkje orkar han upp, so fær ein ikkje den, ein vil ha. Dersom steinen er grufsin, er *den* stygg, som ein bli gift med, men er 'n haal, so fær ein ein fin make. So skal ein ta tri blomar paa tri eigedomar, og dei tri blomane og steinen skal ein leggje under puta um notti. Daa ser ein i draumar den, ein bli gift med. Ein maa liggje i eit hus, som det aldri har sovi folk i fyrr. (Uppdal.)

22. *Jonsok-kvelden* skal ein ta eit *svoleegg* eller *skjoregg* og stikke hol paa og ha tri drop i eit brennvinsglas, som er vatn i. Med same soli sprett i fjell um morgonen, bli vatne i glase upprørt, og den, ein *bli gift med,* kjem upp or vatne til beltestaden.

Kari Spikulerhagen gjorde dette. Daa soli spratt, kom ein gut upp or vatne, og ho hadde aldri sett 'n fyrr. Eit bil etter kom ein gut, som heitte Ketil, til bygdi og vilde faa arbeid, og det fekk 'n og vart verande her. Ein dag møtte ho 'n og kjend 'n att — det var same karen, som ho hadde sett i glase. Ho tenkte ved seg sjølv, at det vart vel mannen hennar. Og det vart han med. (Uppdal.)

23. *Jolekvelden* skal ein *gaa ut paa ein krossveg.* Daa fær ein høyre, kva slags arbeid den kjem til ha, som ein vert gift med.

Ola Slaatta gjorde dette, og han høyrde at det spann. Kjerringi hans kom til spinne mykje. (Uppdal.)

24. *Jolekvelden* skal ein *hòpa* tri gongir kring stogo, og tridje gongen møter ein den, ein skal ha. Bli ein

ikkje gift, møter ein likkista si. Den, ein møter, bli sjuk, for den misser vardyvle sit det bile.

Reidar Bakke gjorde dette og møtte fysste kjerringi si. So gjekk 'n tri gongir til, og daa møtt 'n andre kjerringi si. Han gjorde det tridje venda med, men daa møtte han ei likkiste. (Uppdal.)

25. Naar ein *hòpar rundt borde jolftaen* og etterpaa rundt stogo tri gongir og segjer:

„E haapar ut i fa'ns navn,
han ska vise min kjæraste fram!"

so fær ein sjaa den, ein bli gift med. (Uppdal.)

26. *Jolekvelden* skal ein *setja seg aaleine* i stogo. Klokka 12 fær ein høyre ein fæl dur, og det rister i huse, so det gliser i veggjemoti. Daa fær ein sjaa, den ein skal ha. Bli ein kje gift, fær ein sjaa likkista si.

Lars Persgard gjorde dette, og han saag den, han vart gift med. (Uppdal.)

27. Ein skal *laga til ei kake,* som maa vera so salt, at ein bli tysst, naar ein et av ho. Den skal ein eta av *tri torsdagskveldar,* og tridje torsdagsnotti drøymer ein, at den, ein bli gift med, kjem til ein med drikke — brennvin, øl eller vatn. Bli ein bòdin brennvin, fær ein rikt gifte, er det øl, bli det bra, — men er det vatn, bli det fatigdom. (Uppdal.)

28. Hadde ein ingin med seg, naar ein vart *døypt,* bli ein kje gift. (Uppdal.)

29. Naar ei gjente *tél stjernune* tri torsdagskveldar paa rad, skal ho faa den fysste ungkaren, ho helsar paa. (Flesberg.)

30. Den, som det *sloknar for,* naar 'n har nørt paa varmen, bli ein grina med kjerringi si. (Flesberg.)

31. Dei, som det ikkje vil brenne for, naar dei har *nørt paa varmen,* fær ein sinna mann. (Uppdal.)

32. Den, som er *snild med pus,* bli snild med kjerringi si, segjer sume.

Katteklinar og kjerringpinar, segjer andre. (Flesberg.)

33. Den, som *gjer fine limar,* fær ei fin kjerring. (Vegglid.)

34. Naar dei *stakk seg med naali,* naar dei sauma paa eit plagg, so sa dei: „Dæ kjem kjærle'heit i." (Uppdal.)

35. *Bruri flutte* til den nye heimen sin dagen fyre brudlaupe. Men ho maatte koma fyre høgst dag, elles vart ho kje lukkeleg. (Aalm.)

36. Raaka det til vera *likferd den dagen, dei vigde,* spaadde det ikkje noko godt. (Uppdal.)

37. Var *brurl altfor gladvær* brudlaupsdagen, var det eit klent merke. (Uppdal.)

38. Rengde det (eller snøga) *brudlaupsdagen* („var bruredogg"), spaadde det godt. (Aalment.)

39. Var det mykje vind *brudlaupsdagen,* spaadde det uvenskap millom mann og kjerring. Fekk dei buredogg, vart det rikdom. (Nore.)

40. *Brurehesten* skulde vera ljos, ikkje svart eller myrk. (Nore.)

41. Naar *brureferdi* tok paa kyrkjeveg, hadde det mykje paa seg for live seinare framigjenom, kven dei fysst møtte. (Nore o. fl.)

---

42. Nokre vegarbeidarar sat i eldhuse i Torsrudgjorde og *spila kort.* Dei arbeidde paa den nye vegen i 60-aari. Daa dei hadde spila eit bil og banna og husera, høyrde dei dunkingar, plent som naar dei slo korti i borde. Daa vart dei rædde og slutta. Nokre

av dei budde i Nedre Bjørnsrud. Etter dei hadde komi heimatt seint paa kvelden og hadde gjengi uppaa stogo og lagt seg, høyrde Ola Ivarson, at det banka uppaa stogo, liksom naar dei spilar kort. (Uppdal.)

43. For noko over hundre aar sea budde det ein mann i Undebakke. Han var so gudeleg og gjekk til altars stødt, naar det var *altargonge*. Eingong han vilde gaa til altars, vart han kje med fysste gongen. Daa saag 'n, at Sjølgutin gjekk etter presten med kalken sin, og alle drakk av den med, so nær som *ein*. Sea gjekk kje Undebakk-mannen til altars meir. (Uppdal.)

44. Nils og Astrid Raudskard *trætta*. Daa fekk forlogsmannen sjaa ein svart *hund*, som laag og ringa seg ved peisen.

„Dæ æ best, de slutte o trætte no!" sa han; „de ha visst rette gutin inne her, før e' saag ein svart hond, som laag o' ringa se' ve' pisten."

Daa vart det kurt. (Uppdal.)

45. Ingebjørg og Ledvor Solheim laag og *trætta* med einannan um notti. Daa kom det inn ei stor *katte* og til aa dundre og duste og bera seg paa golve. Ingebjørg Sollid — Store-Ingebjørg dei kalla, for ho var so stor og sterk — ho tende hjaa dei daa. Ho gjekk stad vilde kaste ut denna fæle katta. Med same, ho tok 'o, var o' kje stort tyngre enn ei onnor stor katte, men til nærare dynni ho fekk 'o, til tyngre vart ho. Til slutt vart ho so tung, det var med naudi, ho orka skarre ho ut gjenom dynni. (Flesberg.)

46. Søte- Hølje *aabrydde* so. Han tolde kje andre karar gjekk inn til kjerringi si. Han budde vestanfyre elvi. Ein kveld, han hadde vori heim i bygdi og skulde heimatt, fekk'n sjaa ein kar gjekk fyri seg, og Søte-

Hølje feta etter. Han saag, karen gjekk inn, og daa hin kom etter, sat 'n ved peisen. Daa vart Søte- Hølje so sinna, han vilde slaa til 'n, men slo til peisen og slo forderva handi si. Daa kvarv mannen burt. Kjerringi saag inginting. (Uppdal.)

47. Naar ein *bannar*, kjem develen eit stig nærare. (Uppdal.)

48. Bergit Rudi hadde lagt seg um kvelden. Daa fekk ho sjaa ein mann burtpaa golve, men ho høyrde ikkje, at 'n kom inn. Han la ho til tjuv, og daa vart ho so sinna, at ho *banna*. Daa flutt 'n seg eit stig nærar 'o, og daa skyna ho, at det var develen.

„Jesu namn!" sa ho og bad til Gud.

Daa vart 'n burte, og ho vart umvend. (Uppdal.)

49. Den, som *lyder*, stend med eine foten i helvite. (Uppdal m. fl.)

50. Anne Flaata vilde ha Jørunn Rudi med seg paa *dans*. Jørunn hadde ikkje hug til det den kvelden; men hi nøydde paa ho, so ho vart med likevæl. Men daa ho hadde vori der eit bil, fekk ho sjaa ein svart *hund*, som smaug og tvinna seg millom føtane paa dei, som dansa. Um eit bil var 'n burte. Jørunn reiste heimatt og var aldri i dans meir. (Uppdal.)

---

51. Naar ein er sjuk, skal ein faa tak i *kyrkjevin*, aa drikke; daa besnar ein. (Uppdal.)

51. Ein mann paa Fekjansætra fann seg *mannefeitt* paa kyrkjegarden og bruka til lækje ymse sjukdomar med.

Torgeir Huskestugo bruka mannefeitt aa smyrja seg med for ryggje-vondt. (Lyngdal.)

54. Har ein *tannverk,* skal ein faa „ein som kann" til skrive paa tri flatbraudmolar, og so skal ein eta dei. Ein maa kje sjaa det, som er skrivi, elles munar det ikkje. (Uppdal.)

55. For *tannverk* skal ein ta tri saumar or ein hestesko, som er attfunnin og alle saumane er i, og so stikke seg ved tonni, so ein bløder. Etterpaa skal ein grava saumen ned paa ein stad, som ein ikkje kjem meir. (Uppdal.)

55. Har ein *vortur,* skal ein knyta so mange knutar paa ein grov ulltraad, som ein har vortur til. So skal ein grava traaden ned paa eit stelle, som ein aldri kjem meir. Daa gjeng vortune burt. (Uppdal.)

56. For *mosotti* skal ein faa „ei som kann" til aa mæle seg. Ho tek ein grov ulltraad og mæler lengda paa ein. So skal ein strekkje ut armane, og ho mæler fraa fingertuppen paa den eine handi til fingertuppen paa den andre. Styttest traaden, so har ein mosotti. So har ho traaden i ein ring, som ho sputtar tri gongir gjenom, og den, som er mælt, sputtar tri vendur gjenom denna ringen, den med. Etterpaa skal den sjuke veive traaden kring halsen og ha 'n i tri døger. Naar ein det har gjort, skal ein slite 'n av seg, laga han i ein ring, sputte tri vendur gjenom ringen og so hevja traaden paa varmen, so han brenn upp. Daa bli ein godatt — men ein har mosotti likso lengi etterpaa, som fyrr ein vart mælt. Det munnar ikkje ha ei tannlaus ei til mæle seg. Den, som kan mæle for mosotti, maa kje lære dette fraa seg til ei, som er yngre, ellest misser ho sjølv konsti. (Uppdal.)

Døden.

1. Naar bonni blindar seg, skal ein *spyyrja døytt.* (Lyngdal, Nore.)

2. Naar tvo samstundes tek i klinka, skal det *spyrjast døytt* (Lyngdal, Nore.)

3. Naar dei hadde „kaaraa ell'n“ um kvelden, so kunde det liggje gløde seg, til ein saag ljoskin, og peika den mot ei seng, daa var ein av deim, som laag i sengi, *feige.* (Uppdal.)

4. Naar ljose stod og brann paa kista i ei likferd, so var dei *feige* ein av dei, som login slo imot. (Uppdal.)

5. Naar tvo gamle kjenningar raakast, og dei ikkje kjenner einannan med same, daa er ein av dei *feige.* (Uppdal.)

Naar kjende folk er ukjennelege for einannan, spyrr dei jamt: „Æ e' ell' du feig, mæ e' ikkje konna kjenne de!“ (Nore.)

6. Den fysste, som gjeng innatt i huse i ei likferd, etter like er utbori, er fysst *feig.* (Lyngdal.)

7. Naar dei reiser med like, skal ein sjaa etter, um hesten set fysst fram høgre eller vinstre foten. Set han fram høgre foten fysst, so bli det ein kar, som *fysst døyr i huse*; set han fram vinstre, bli det eit kvinnfolk. (Uppdal.)

8. Dett det matsmulur or munnen, naar ein et, fær ein *høyre dødarord.* (Uppdal, Nore.)

9. Naar fleire ser paa hendane sine og ikkje ansar um det, *spørrs det dødarord.* (Uppdal.)

10. Bli ein *sjuk paa ein sundag,* kjem ein ikkje paa beini meir. (Uppdal.)

11. Tov Karlsrud var i soldattenest. Gunhild, syster hans, og ei kjerring var ute og arbeidde. Med

dei var inne til maals, fekk dei høyre et fælt skot.

„No kjem'n visst 'n Tov, før no skaut dæ," sa dei og gjekk ut; men dei saag ingin[1] Dei undrast paa detta. Det var um vaaren, det hende. Same sumaren døydde ho Gunhild, og dei trudde, det var *mot feigdi* hennar, det skaut. (Uppdal.)

12. I Gutune høyrde dei det pikka og hogg der upp og sudi — stundom i skymingi um kvelden og sumtid klokka tolv um notti. Ei tid etter *døydde* ei gamall kjerring i Karlsrud. (Uppdal.)

13. Ho gamle Anne Kjølaas døde for nokre aar sea. Ein sundag um vinteren var ho i Tonby og saag til huse og krøteri, med sjølvefolki var til kyrkja. Med ho heldt paa nedi lødo, ropa det paa'o.

„Anne!" sa det.

Men ho lest ikkje noko vera.

„Anne!" sa det ein gong til.

Og tridje venda au ropa det paa'o. Ho lest ikkje noko vera daa heller; men ho var ferdig i lødo og gjekk inn og sette seg paa peiskrakken til lesa i salmeboki. Daa gjeng kovedynni upp, og det kjem inn eit menneskje i liksveip og bukkar tri vendur paa 'o, og so gjeng det utatt. — Lenger ut paa vinteren *døydde* Tonbymannen. (Lyngdal.)

14. For ikring 100 aar sea var det ein, dei kalla Dragaren, som drog varur over Hardingviddi for handelskarar. Dei kjøpte varur i Dramn og selde paa Vestlande. Ein gong stod'n ved Langesjonbudi og saag nordover viddi.

„Der nori ser e' *bløya mi!*" sa'n. So reiste han

---

[1] Soldatane skaut alltid, naar dei kom heimatt.

nordover med drage; men daa'n kom attende, kom det styggevér paa'n, og han fraus ihel. (Uppdal.)

15. Fraa den garden, der vindløkin gjeng i land paa fjorden, skal det *snart koma lik.* (Nore.)

16. Naar det *knepp mykje i huse,* er det feige folk paa garden. (Nore.)

17. Naar ein ser *vardøvle* til folk er dei feige.

Lars Narverud saag gamle Gurison, dei kalla, stande hogge ned spilkjur i Lauvbuhollen. Han saag'n so greit tok og bøygde ned og hoggi. Men daa 'n kom til Lauvbu, møtt'n gaml'n i dynni med ei sag i handi, han hadde siti skjerpt paa. Eit lite bil etter døydde Gurison.

Gjertrud Narverud saag vardøvle til den kjerringi, ho tente hjaa austanfor. Ho saag ho so skili gange inn gjenom fjøsdynni. Gjertrud gjekk etter, men daa saag ho kje likt til ho.

„Hør æ 'o Guri daa?“ spurde ho den andre gjenta; ho hette Guri, kjerringi.

„E har kje sett noko,“ svara hi.

Det var vardøvle Gjertrud hadde sett. Lite etter stulla kjerringi. (Nore.)

*

Jamt, naar ein ventar nokon, hender det, ein høyrer fotslagi aat dei, ein ventar paa, og at dei tek i klinka. Det er vardøvle deira. (Aalmennt.)

Sume kyr har det med aa smaabelje, naar du kjem innaat dei. Dei ser vardøvle ditt. (Nore.)

18.

Naar ein ser *draugen*[1] til eit menneskje, so er det feigt. Draugen er ein kvitklædd menneskje-skapning, og naar'n elles paa en prikk liknar eit visst menneskje, so er det draugen aat det.[2] Synte ein slik skapning seg i vanlege klæde, var det berre vardøvle.

Den sumaren Kari Lindtveit og Johanne, dotter til Torstein Aamot, spilemannen, drukna,[3] hadde gamle plassemannen, han Ola Sigridson, vori paa Grønlonlie og gjert. Det var ved jonsokleite, klokka ellev-tolv um notti, men berre litt skymt daa paa den tid av aare, veit du. Daa stod den gamle kjellarbudi, som det enno syner tufti etter, ovan gamlestogo paa Lindtveit. Nedan kjellarbudi vart Ola vâr to kvitklædde smaagjentur. Han var kje rædd, men gjekk einstirde paa draugane. Best det var, der vart dei snupt burte. Lenger ut paa sumaren var det dei druknast dei tvo gjentungane nedmed Lindtveitlande. —

Gamle Andres Fløti hadde vori ute so svintast um notti. Daa'n kom inn att, spurde Sigrid, kjerringi hans:

„Ha du sett noko; du æ so bleik o rar?"

„Det æ so rart, naar ein kjem ut," svara han.

Meir vart det kje sagt um det med same, og Andres la seg til sova att. Men han hadde sett ei, dei kalla Reiars-Aase. Ho kom liksom gangande imot'n, og var so plent lik seg baade i laupelag og elles. Men so vart ho burte, som ho skulde vori sokki i jordi. Tvo-tri

---

[1] Sjaa au Flatin: Gamalt fraa Numedal II, s. 103.

[2] „Ho saag ut, som ein draug", segjer dei um ei heiltupp kvitklædd gjente.

[3] Sjaa Flatin: Gamalt fraa Numedal I, s. 90.

dagar etterpaa bar'n Anders ho uppatt or djuvi. Ho hadde dotti utover og slegi seg ihel, med ho raka. (Nore.)

19.

Gasten er som ein fugl framme og som ein reivarunge bak. Naar han hoddar og lær, skal det koma varme laus, græt han, skal det spyrjast vats-lik. Det skal vera sjæli aat eit udøypt baan, som soleis fredlaus fer og flakkar og varslar um uhende. (Flesberg, Nore, Lyngdal.)

20

Muro. Det er berre sume menneskje, som rid muro; det skal vera slike, som ikkje er lodne i kross. (Flesberg.)

Det var paa Aasen i Nore. Hermann og kjerringi hadde lagt seg um kvelden; mannen laag endaa framved. Daa kom det drivande inn ein gut, som dei kjende væl, og han vilde paa all hæling krysja seg nedi sengi jamsides kjerringi. Mannen skuva imot'n med hendane og heldt'n undan; men hin var so strid paa sitt, at'n var kje god bendast med. Tilslut svalle n' Hermann til'n:

„Kom att i mørgo, ska du faa tri ting taa me'!" sa han.

Daa gjekk guten. Men dagen etter kom'n att og vilde laane ei byrse og tvo ting til. Hadd'n fengi det, hadd'n nok komi att og vilja legi me kjerringi i Aasen, og daa hadd'n kje vori aa fengi øla undan heller. Men han fekk inginting, og ikkje saag dei etter'n, daa han reiste heller, for elles hadde dei snart havt'n der att likevæl. (Nore.)

*

Han Lars Persgard laag burtpaa sengi og sov um kvelden, og ungane sat kring peisen. Daa raus det i far deira, og so fekk dei sjaa eit ovstort kvinnfolk stande ved sengi. Ho hadde uvledar treke som stokkendar og so store neglar at —, og so var ho graableik i andlite. Dei saag ho til beltes, ho stod liksom paa no [1] og hadde hendane uppaa sengebarde. Bonni vart rædde.

„Far! Hø som æ tiss mæ de' daa, naa' dæ læt so i de'?" sa ho Astrid.

„Aau!" sa han, og so vakna han.

Daa vart kvinnfolke burte.

„E' fekk inkje maal før me', før de nemde me' paa namn; daa lettna dæ. E' kjende, dæ va noko, som laag over bringa mi; dæ va, som dæ vilde kvæve me," sa han.

Dei fortalde um kvinnfolke.

„Ja, dæ maatte sikkert vera muro; men dæ va kje fa'le', e' har vøre ute før dæ før. Dæ va bra, de nemnde me paa namn, før daa har dæ ingen magt." (Uppdal.)

*

Gunhild Harang var paa sætri. So vart ho svemnug og la seg burtpaa sengi. Med same so saag ho ein gamall, graa mann koma burtaat ho, og so vart ho stiv og orka kje leda seg. Daa ho raadde or att,var mannen burte. Det var vel muro det med. (Uppdal.)

„Je' va' saa reint ille ute fær muro ein kvell, etter je' hadde lagt mei. Han Ola va te by'n han, aa je' hadde berre mæ mei enn ta ongænn'. Aa dæ rare va, at dæ va *presten*. Je saag'n komm innover golve aa

[1] no: kne.

hiti senga te mei. Da je' hadde stridd et bel, fekk je' lea paa mei, aa da vart'n borte. Men da va' je' saa svett, at det rann ta mei." (Flesberg.)

*

Drengen i Buserud laag innpaa stalltreve ein sumar. Leid paa nott fekk'n sjaa eit kvinnfolk koma gangande etter vegen. Det var ei framantil Lyngdal; han kjend'o væl. Ho kom inn paa hessja, velta seg over briki og la seg over guten, so han fekk kje leda seg og ikkje puste paa lang tid. Det var naa ei, som „reid muro" du au. (Lyngdal.)

*

Krøteri er ute for muro, dei med. Daa stend dei skjelv paa baasen og er so sveitte, at røyken stend av dei. Ein skal finne ein *murukvist,* som det ikkje fyrr har gjengi folk framum, og hengje den over baasen aat den kyri, som muro plagar. Daa bli ho burte. (Flesberg, Nore.)

21. Til *jolenotti* støypte dei eit triarma ljos,[1] som skulde brenne heile jolenotti. Slokna det av seg sjølv, var det feige folk i huse. (Nore.)

22. Paa Kampestadsætra var det ein gutunge, som var uti tune aaleine ein dag; mor hans sat inni stogo og spann.

„Mor!" ropa guten; „kom ut ska du faa høyre haa fint dæ leikar oppi aasen," sa han.

Ho kom ut, men høyrde inginting.

„Høyrer du inkje haa fint dæ læt da!" sa gutungen.

Nei, ho høyrde ikkje noko.

---

[1] Tri ljos paa borde hjaa ein bonde, og tri tyrispik i veggen hjaa ein husmann, segjer ordtøke. (Nore.)

Eit bil etter vart guten sjuk. Dei meinte, han skulde ikkje ha tala um detta, fyrr han hadde sovi. Dei prøva aa bera han under kyrkjeklokkune, men det muna ikkje. Daa det leid paa døydd'n. (Lyngdal.)

23. Læt kykjeklokkune fint, *naar eit menneskje bli jorda,* er det godt merke. (Uppdal.)

24. Gunhild Bakkane *saag att* ho Gurid Bakke. Gunhild skulde burti ei stogu paa Bakke. Daa fekk ho sjaa, Gurid sat uppi høgsæte innmed borde og studde hovude i handi og saag so stivt paa'o. Det var ei tid sea ho var død. (Uppdal.).

25. Per Prest-garden døydde umleg 80 aar sea. Han vaaga ei brennvinsflaske med ein, at han skulde gaa sudi kyrkja klokka tolv om notti og ringje. Ja, Per drog sudi kyrkja og tok til med ringjingi. Men daa han hadde ringt eit bil, vart'n rædd. Og daa han skulde til sjaa, var det *full kyrkja med daudingar.* Han kjende sume, men der var so mange, at'n fekk mest ikkje skubba seg utatt. Daa han kom ut paa kyrkje-garden, var trøya hans vrengd. (Uppdal.)

26. Torgeir Huskestugo gjekk innpaa kyrkjegarden i Lyngdal og spurde, koss han hadde det han Sjurd Homelia. Han døydde so tvert av brokk, han Sjurd, og ein turebasse hadde det vori. Og det kom eit svar au, men det maatte han ikkje segja til noko menneskje. Men radt etter vart han tekin og kasta utover den høge muren paa nedsida og slo seg, so han var krank heile live sea.

Jul Brattaas spurde han Torgeir, um det var so, ein kunde *spyrja dei døde*, koss dei hadde de.

„Jau en faar aa ett svar; men dæ æ saa dyttint, som dæ skulde kaammaa neante jora," sa han. (Lyngdal.)

27. Ola Lande og Tore Haugen var ute rangla ei nott. So sette dei seg utanfyre kyrkjegarden i Flesberg og drog upp ei brennvinsflaske. Dei hadde nett siti svalla um gamle Gunleik Kjølset.

„Ja, saa drekk vi dei te da, Gamle Kjølset'n!“ sa dei; han var død for ei tid sea, Gunleik.

Daa fekk dei sjaa *ein mann koma upp or jordi* innpaaa kyrkjegarden, og han heldt paa voks og voks. Daa vart dei rædde og flaug. (Flesberg.)

28. Ein, som heitte Halte-Jon *drukna* i Gjeitsjo-vade nordi fjelle. Lògen var so stor, og han vilde ridi over, men datt av hesten. Ein mann kom der ei tid etter, og daa høyrd'n det song paa den salma: „Paa Gud alene jeg haver sat min lid.“ (Uppdal.)

29. Folk trudde, Fyken og Bindaren[1] *slost i gravine.* Dei laag ikkje so langt ifraa kvarandre, og paa den kanten, dei laag, var det rasa ut noko av kyrkjegardsmuren. Dei var so uvenir, med dei livde, dessa tvo. (Uppdal.)

30. Nils Goesplassen var paa Raudland i vaaronni. Han la seg til aa kvile paa marki, og so sovna'n. Daa han vakna, stod Reidar Raudland framfyre'n, og han *var død for lang tid sea.* Han retta ut handi og vilde helse paa Nils, men han torde ikkje ta imot. „Æ du her no daa?“ sa Nils. „Ja, e' gjeng mæ dikka te hør dag, e'“ sa han. Og so kvarv han burt. (Uppdal.)

31. Naar du gjeng etter ein sæterveg, vil du ofte sjaa smaa røysar av kampestein. Der dei kvilde naar dei køyrde heim eit menneskje, som var død i fjelle, der skulde alle, som fór framum, kaste ein stein. Paa

---

[1] Fyken og Bindaren var trollmennar fraa Uppdal. Um Fyken sjaa Flatin: Gamalt fraa Numedal II, s. 16.

slike stellur vart det daa etterkvart ei liti røys. Slike røysar kalla dei *verp*. (Uppdal.)

Dyr.

1. Daudar det eit *krøter* er det *feige* folk paa garden. (Uppdal.) Har folk uheppe paa *nautskrøteri*, er det feige folk i huse; daudar det eit krøter, er det nok mest heiltupp sikkert. (Nore o. fl.)

2. Naar *kyrne* er graaline og gjeng gneg seint um kvelden, *ventar dei uvér*. (Lyngdal, Nore.)

3. Naar ei *kyr* rautar fælt paa baasen, skal det vera eit *feigt* menneskje par garden. (Lyngdal.)

4. Bér det ei *kvige* og det ikkje kjem mjølk i ho, so *fell det snart folk fraa* paa gaarden. (Nore.)

5. Har ei kyr *tvillingar* og dei kje baae anten bli paasette eller slagta skal ein av *sjølvefolki felle fraa*. (Nore.)

6. Fyrr tok dei *kalvane* i rova og svinga dei rundt tri vendur og *„kristna“* dei (sette namn paa dei). (Uppdal.)

7. Der laag so mykje *kalverovur og kalvebein* burti sæterbeiti og paa gardane med fyrr. Dei trudde, det var *trollkjerringane*, som hadde lagt dei der. Dei skulde vel ha liti lukke paa krøteri sine paa dei stellune daa. (Uppdal.)

8. Naar ho Astrid Stuvestad (komi fraa Nore) hadde mjølka ei kyr fysste venda, etter ho hadde bori, torde ho *aldri bera mjølka berr inn*. Ho gjekk i dessa lange rollingsstakkane, og so smette ho mjølkeringja ned i splitta og bar ho under stakken inn. (Flesberg.)

9. Ho Astrid hadde altid eit *smørgrand* paa mjølkeringja, naar ho mjølka. (Flesberg.)

10. Naar kyrne vart halte i framføtane, sa dei, at dei hadde *„bogskreie"*. Daa tok dei ein kniv og skar ein grunn skurd i manken paa dei, millom bøgane. Daa vart dei gode att. (Uppdal.)

11. So lengi, ein ikkje har *teki i ein nyfødd* kalv eller tamunge, frys dei ikkje. Men naar menneskje har teki i dei, daa fysst tek dei til nustre og skjelve. (Lyngdal.)

12. Ein maa kje gjeva *kyrskalvane drikke i ei gryte*, „da bli dømm harmjelte". (Lyngdal.)

13. Naar kyrne rister seg og drit, *ventar dei uver.* (Lyngdal, Nore.)

14. Gjentur som vilde faa fin hamlit, vaska seg i *nysila miølk.* Sume heldt *nauteland*[1] betre. (Lyngdal.)

15. Naar dei klipte *lamungane* fysste venda, skulde dei spara att ein *„lykkedøtt"* paa høgre bogen.

„Je' veit enda, je' saag lamongar, som gjikk mæ enn liten døtt att paa den enne bogen etter døm va' klyppte," fortel Jul Brattaas. (Flesberg, Uppdal.)

16. Ein maa kje *klippe sauine i kruna,* elles misser ein saue-lukka si.

„Den, som klypper mi krone snau',
ska bli saue-au',"

segjer sauen. (Lyngdal.)

17. Naar *sauine* hoppar og dansar og slæst og ber seg, *ventar dei vind.* (Lyngdal o. fl.

---

[1] Professor Georg Tycho Holm fortel i „Nogle øonomiske Optegninger paa en Reise i Sandsvær, men mest i Nummedalens Fogderi i Aaret 1751" (Prenta i *Thaarups Magazin*, Første Bind, Kbhv. 1797—1801): „At Myg og Klæg ei skal lægge Køerne øde og forurolige dem for meget, koge de en stor mængde Koepis i en Kiædel saalænge indtil det bliver tykt som en syrup, hvormed de bestryge Køerne."

18. Det var slik *lamung-daude* i Guton. So sa ho det ho Gunhild Karlsrud til Gunhild Guton:

„Konna e' faatt eitt taa mine lam inni sauflokken din, so du ikkje hadde visst, hør dæ va kòme ifraa, so skulde dæ vørte slutt paa lamong-dau'en.“

Gunhild Guton kjende sauine i Karlsrud. (Uppdal.)

19. Naar *hesten* rister seg i selen, ventar han uvér. (Flesberg o. fl.)

20. Naar *grisen* bér til draga til lætre, ventar han uvér. (Flesberg o. fl.)

21. Knut Knutson Ladehus var ute og gjekk ein myrk haustkveld. Daa fekk'n sjaa ein *svart grisunge*, som smatt framum seg. Det var uppi Kosahaugane. (Uppdal.)

22. Naar *katten* ligg paa golve og sleikjer seg og peikar med det eine bakbeine, kjem det folk fraa den kanten, han peikar. (Lyngdal.)

23. Naar *katten* sleikjer seg og set bakfoten i vére, so kjem det folk. Set han den høgre bakfoten upp, kjem det ein kar; set han upp den vinstre, kjem det eit kvinnfolk. Daa segjer dei at „katten sett gjest“. (Uppdal.)

24. Naar *katten* „vaskar“ seg og tek nokre tak med labben bakum øyre, kjem det uvér. Naar katten ligg paa nakken i sengi, daa bli det uvér daa au. (Lyngdal.)

25. Naar *katten* et gras, bli det uvér. (Lygdal o. fl.)

26. Yler *bikkja* fælt, er det feige folk paa garden. (Lyngdal.)

27. Et *bikkja* gras, ventar ho uvér. (Lyngdal.)

28. Naar *reven* skrik nær eller inni husluten, er det feige folk paa garden, eller so hender det snart eikvar ulukka der.

Ein kveld for umlag halvtanna hundre aar sea kom reven og reiv dotten or glase paa Bringsrud. Tri dagar etter brann stogo. (Uppdal.)

29. Torgeir Sjurdson Hòve var so uppgjort i ei gjente, som tende i Grøterud; men ho vilde ikkje vita noko av'n. Eingong ho var i fjøse, so kom'n og gav seg ein knivskurd i halsen, vilde drepa seg. Og so treiv'n gjenta og vilde vel gjort likeeins med henne; men ho fekk sliti seg fraa'n. Ved det løyte, detta hende, flaug det tvo *revar* skrikande nedanfyre husi paa Mogen og nordover til Grøterud.

Det er rart med den reven. Dei sa, han stod paa glase i Linteigen og gjødde, daa Torgeir laag sjuk der etter saare, han hadde gjevi seg. — Dette hende for vælso halv-hundre aar sea. (Lyngdal.)

30. Eit kvinnfolk i Nore vart teki av *ulvane;* men høgre handi laag att. Den høgre handi laag stødt att, naar ulvane hadde teki folk. (Uppdal.)

31. Ein kald vinterdag kom det rekkjande eit heilt fylgje med *skrubbar* ende burtanfyre gjordesgarden i Pukverke. Gamle Torgeir var glup skyttar og treiv byrsa og sprang ut. Daa sette den eine av skrubbane seg til aa einglana paa'n. Han kasta upp byrsa, sigta og drog av; men skote gjekk ikkje. Han freista fleire vendur, men same greida var det. So hadde han paa nytt fengjekrut og prøva daa. Aa nei! Han var kje kar um aa faa skote til gange. Men skrubben sat der og glante. Tilslut so drog han seg daa so smaatt avgarde. Torgeir hadde hug til prøve, um skote vilde gaa daa, og daa small det med ein gong.

Naar skrubben fekk sjaa i munningi paa byrsa, fyrr ein drog av, heldt han skote. (Lyngdal.)

32. Margit Torsrud var vesti lidi og henta moltur ein sundag. Paa heimvegen kom det ein *bjønn* etter ho. Ho tok sprange, men bjørnen fylgde. Daa ho kom paa bruenden, sette ho spanne fraa seg, og han vart standande slafse og eta av moltune, so ho kom undan.

Margit var fremmeleg; men baane, ho fekk, vart faaming. (Uppdal.)

33. *Bjønnen* var søkin etter kvinnfolk, som var fremmelege. Naar dei laag ute i budi um sumaren, gjekk'n skubba seg innaat veggine um nættane, og paa sætrane var dei verr enn ille ute for'n. (Lyngdal.)

34. Dei gamle vilde *ikkje nemne bjønnen* paa namn. Naar dei svalla um'n, kalla dei'n „Svarten".

„Naa'n bli nemt, bli'n kjent," sa dei. (Lyngdal.)

35. For *„mosotti"* koka dei *maardekjøt* og drakk logen. (Nore.)

36. Bli *haren* tidleg graa um vaaren, bli det griug vaar. (Lyngdal.)

37. Bli *haren* tidleg kvit um hausten, bli det tidleg vinter. (Lyngdal.)

38. Har *musi* lang rove, bli det godt konnaar. (Lyngdal.)

39. Dreg *musi* inni skorne, so skal det gange godt for eigarsmannen. Men tek ho seg til skjera sundt for ein, bli ein anten sjuk eller fær sorg. (Uppdal.)

40. Naar den eine *musi* ét paa den andre (t. d. naar ei mus har komi i fella), so skal det bli klent aar. (Lyngdal.)

41. Naar det sit *fuglar* og stirer inn gjenom glase, skal det vera feige folk i huse. (Nore.)

42. Naar det sit *fuglar* paa paa glase, so er det feige folk i huse, eller so fær dei snart brev. (Uppdal.)

43. Naar *juglane* skrik: „Gvitt, gvitt, gvitt!" bli det nedburd. (Nore o. fl.)

44. Fær du *eggjeskale* til sitja fast paa kniven, kann du ynskje deg tri ting. (Uppdal.)

45. Gjel *hanen* um kvelden eller notti, so er det feige folk paa garden, eller so hender det ei ulukke der. (Uppdal.)

46. Naar *kattula* kjem inn i husluten og skrik, er det feige folk paa garden. (Uppdal.)

47. Naar *skjori* skrattar fælt uti tune, kjem det snart ei sladrekjerring til gards. (Uppdal o. fl.)

48. Gjeng *skjori* nedpaa marki, bli det fint vér; men set ho seg paa husveggine, bli det uvér. (Uppdal.)

49. Byggjer *skjori* reire sitt høgt i trei, bli det regnsumar, byggjer ho laagt, bli det turkesumar. (Lyngdal.)

50. Naar ein hengjer ei daud *skjor* i stallen over hesten, skal ikkje noko vondt hende honom. (Uppdal.)

51. Høyrer ein *gauken* paa fastande hjarta fysste gongen um vaaren, skal det ganga ein vrangt i aare som kjem.

Dei gamle var fælt rædde aa gange ut fastande det bile, dei kunde vente høyre gauken. Var det kje anna, tok dei ein braudbite i kjeften. (Lyngdal o. fl.)

52. Det er so mykje um-aa-gjera, kva kant ein høyrer *gauken* paa fysste venda um vaaren.

„Østagauk æ glæegauk,
vestagauk æ lusegauk,
sønnagauk æ saagauk,
noragauk æ naagauk,"

segjer dei. (Lyngdal.)

53. Hermer ein etter *gauken* blø'r han paa bjørkebladi. (Uppdal.)

54. *Duva* laag med gauken i ei høysaate. Naar so duva ser høysaatur, tek ho til laate um detta:

„Je' misste mi ku
fær mi horefu,
fu, fu!"

segjer ho. Daa skjemmest gauken, og du høyrer kje meir til'n um sumaren, etter dei har byrja med slaatten. (Flesberg.)

55. For *gulsotti* koka dei gulspett-kjøt og drakk lògen av det. (Nore).

56. Sit *linerla* høgt, fysste venda du ser ho um vaaren, skal du faa langt lin; sit ho nedpaa marki, bli det stutt. (Lyngdal.)

57. Sit *linerla* so du ser det kvite i bringa paa ho, fysste venda du ser ho um vaaren, skal du bli glad i aare som kjem; snur ho ifraa deg, fær du sorg. (Lyngdal.)

58. Flyg *svolo* laagt, bli det regn; flyg ho høgt, bli det upphaldsvér. (Lyngdal o. fl.)

59. Naar *svolo* kjem igjen um vaaren, so segjer ho

„Je' gjætte i fjor,
je' gjætte ifjor;
husa va' fulle,
husa va' fulle;
men naa æ dæ àller enn skji-i-it!"

(Lyngdal.)

60.

„Jomfru Maria stal saksa ifraa mei;
men neimenn gjor'o inkje!
Je' sa *nei*, aa ho sa *ja*;
men leil gjor'o dæ likevæl,

segjer *svolo*, som ingi saks har. (Lyngdal).

61. *Saksesvolo* har ein raud flekk under halsen; det skal vera eit raudt gaannyste, som ho har støli: „Døm sir, je har støle ett røtt gaannyste, men døm ly-y-yg!“ segjer ho. (Flesberg).

62. Naar *fjellplyten* læt nære husi, bli det uvér. (Lyngdal, Nore).

63. Naar *grønskuren* sit i austveggen um vinteren, kann du lite paa, det bli uvér, so det munar. (Lyngdal).

64. „*Kraaka* læt saa tòligt; dæ bli vel snart millære i være.“ (Lyngdal).

65. Naar *korpen* skreik, var det merke paa, at bjønnen var etter krøteri. (Lyngdal).

66. Naar *veven* er nedvovin, maa ein legg'n uppaa støra, eller so fær kje *gagline* kvile. (Vegglid).

67. „*Gagline* maa flyge være ikring,
før dei sa, være va' kje vi'ar' hell eit kalveskjinn“
(Vegglid).

68. Spilar *orren* um vinteren, kjem det tøyr. (Nore).

69. Naar *orren* spilar seinhaustes, bli det det lang utegong (Lyngdal).

70. Skrik *lomen*, kjem det regn. (Nore).

71. Er 'n svart, den fysste *ormen* ein ser um vaaren, skal ein faa sorg det aare. (Lyngdal.)

72. Dei gamle vilde *ikkje nemne ormen* paa namn. „Hu, dær saag je' enn Stygging!“ sa ho gamle Gollaug Buine, naar ho saag ein orm. (Lyngdal.)

73. Paa Eikje i Sigdal var det slik utrivnad paa krøteri. So henta dei 'n gamle Narve Ravnaas, plassmannen under garden. Han fekk tak i tri *ormar* so tidleg um vaaren, at dei ikkje hadde fengi groe endaa. So bora han eit hol i kvar av dynnestokkane i føse, hestestallen og sauestallen. Ormane bar han i klypur

og stappa dei livande ned i dessa holi, ein i kvart, og etterpaa dreiv han ein dugeleg trepropp i. Sea hadde dei god lukke paa krøteri sine paa Eikje. (Lyngdal.)

74. Det liver enno folk, som kann *gjera ved ei byrse,* so ho ikkje drep. Det er nok, dei høyrer smellen av ho. Daa bannar dei og mullar noko, so er det gjort. Men ei slik byrse, som er gjort ved, kann dei faa i lag att, naar dei fær ein livande *orm* til aa krabbe inni laupe og so skyt 'n utatt. (Lyngdal.)

75. Torgeir Julson Huskestugo fann *orm* og steikte. Ja, det var no andre au, som gjorde det lang tid sea. Dei sette klypur paa ormen og steikt 'n livande, byrja ifraa spelen. Naar dei kom framaat hovude med steikingi, so stod det spruten av eiter or 'n. So fletta dei av 'n skinne og la av 'n paa maten og aat for skabb.

Gudbrand Baklie fortalde, han hadde noko klaa, og so kom han til svalle med dei i Huskestugo um detta. Eingong, han kom der, skuld 'n ha kaffi, og so hadde ho Anne, kjerringi hans Torgeir, smurt paa eit par vaflar og lagt dei saman, han skulde eta dei attaat. Han kom kje til tenkje paa det med same; men daa'n hadde teki nokre bitar, skyna han, ho hadde lura inni noko ormekjøt, og daa maatt' 'n leggja maten ifraa seg. Men han vart no bra att av klaaen. (Lyngdal.)

76. *Ormolje* bruka dei aa smyrja seg med for ymse vondt. Dei hadde orm paa ei flaske og korka godt til, og let 'n stande, til 'n gjekk upp, og daa vart det som ein slags olje. (Flesberg.)

77. *Bøvergjell* fær ein av bjoren; det skal vera noko, 'n har i einslags pose. Han var faa paa apoteki fyrr; men ein maatte ha preste-attest, skulde ein

faa kjøpt 'n. Han var so dyr au; dei sa, dei fekk ein ball stor som ei tobak-tugge for ein dalar.

I Haukelid skulde det vera so gjerdlaust mykje *orm* fyrr. Men farbror min, han Ola Olson, han fekk 'n derifraa, han. Han kjøpte seg noko bøvergjell og drog i eit band rundt gjorde og sparde berre att eit lite led nedimot storvegen. Men dei sa det folk, som fór etter vegen ved det leite, at dei aldri hadde sett so fælt: det var so det urde og krudde med orm, som kom rennande gjenom detta lede. Han skal nok vera so hjelpeleg rædd den bøvergjellen. (Flesberg.)

78. Dei kunde leggje motslag med *ormen.* Det var berre segja til 'n, at 'n skulde møte ein ei viss tid, so kom 'n. Ein kunde beda 'n koma aaleine eller ta fleire i fylgje med seg.

Gamle Hanserud'n (Ola Kristenson) raaka eingong ein orm ved ei røys i ei myr. Men so smatt ormen ned i røysi, og han fekk ikkje slegi 'n ihel. So sett'n ein kjepp i myri jamsides røysi og sa ormen *til*, at 'n skulde møt 'n der eit visst klokkeslett dagen etter. Daa Hanserud'n kom att der, so var ormen der au. Men so var det vel so, han hadde drygt vel lengi han Ola, for ormen hadde hæla paa rundt staven, so det var svarte jordi, og so sinna var'n at det spruta av 'n, og han hoppa høgt for kvart drage, han fekk. Det var berre sovidt, Hanserud'n berga seg og fekk live av 'n. (Lyngdal.)

79. *Ormen* kann kaste svevn paa folk. Han bestefar skulde paa sætri og slaa. Som 'n kom eit stykke paa vegen, vart 'n so trøytt, han var ferdig til sige ned, og so sett 'n seg til kvile i bakken. Daa kom det farande ein orm i ein ring i vére og slo ned tett

ved 'n. Men daa vart 'n vakin med ein gong han bestefar au. (Lyngdal.)

80. „Uppi dalen[1]" hadde dei livande *orm* i mjølkekoppane; daa heldt mjølki seg betre. (Lyngdal.)

81. *Ormebøni:*

«Noril, Noril onder bjørkerote laag.
Sjøl ska du verkje,
o sjøl ska du sprekkje,
o sjøl ska du dæ utatt spy!«

Naar ein bli bitin av ein orm, skal ein segja fram ormebøni tri vendur og spytta paa saare kvar gong. Daa fær ormen det att, og det gjer ein ikkje noko. (Uppdal.)

82. Anne Jokumsdotter Lindbu (død for nokre mange aar sea) kunde gjera aat for *ormestyng*. Jørunn Knutsdotter Hakkelberg vart ormestokki i handi med ho pila bær. Ho sprang til Anne, og med same ho saag handi hennar, so besna ho. So sa ho det til Jørunn, at ho skulde gaa til den tuva, der ormen stakk ho, og slaa 'n ihel. Daa ho kom der, so laag ormen der i ein ring, og ho slo 'n. Orme-bite hadde ho kje vidare mein av. (Svene.)

83. Naar ormen *har stokki*, maa han faa seg drikke radt. Men fær ein slaa 'n, fyrr 'n kjem til vatn, gjer kje bite noko vidare. (Lyngdal.)

84. Dei maatte ikkje lære *kvefsebøni* fraa seg til nokon, som var eldre, enn dei var sjølve, for daa misste ho magti si. — So maatte dei aldri gaa ifraa kvefsen, fyrr dei hadde løyst 'n att. Naar ein skulde løys 'n, var det berre segja: „Gvevs'".

---

[1] Numedal.

Det var ein gamall ein, dei kalla Surting'n[1] uti Svene. Han forplikta seg paa, han skulde binde kvefsen, so han gjerne skulde løyse buksa og setja seg skrævs over reire. Det var nokre som vaaga med 'n. Men daa gjekk det gale for 'n: det sette seg svart paa 'n baade her og der, og stakk gjorde dei, so han var mest daudeferdig etterpaa. (Lyngdal.)

85. Gamle Ambjørg Kjølberg kunde *fjetre kvefsen*. Ola Nedre-Lindaas var i Kjølberg og slo ein sumar, og ho raka.

„Her faar di passe dekkan, her æ gvefsereir!" sa han.

„Bit 'n daa, tru?" sa Ambjørg og berre lo.

Ho gjekk berre i kippeskone og ein litin stubbestakk, og det var heiltupp svart med kvefs um ho.

Men han beit ikkje, leli! (Flesberg.)

86. Midnatt er *staalormen* giftig. Bli nokon stukkin av 'n daa, so døyr ein med same. (Lyngdal.)

87. Naar *kvefsen* var bundin, maatte dei kje banne, dei, som var i nærleiken — daa slapp 'n laus att. (Flesberg.)

88. Byggjer *kvefsen* reire sitt i jordi, bli det regnsumar; men byggjer han i tre, bli det turr sumar. (Uppdal.)

89. *Kvefsebønir:*

Jorstikk, Jorstikk!
Stikk inkje mei!
Stikk i ve'!
Stikk i tre'!
Stikk Satan i sjuende le!

(Lyngdal.)

[1] Han var fraa garden Surten i Svene.

90.

Jomfru Maria sende me' ein linde,
som alle trolldjevla' skulde binde.
Stikk i jor o stikk høkken du vil,
men stikk inkje me'!

(Uppdal.)

91. Ein skal lesa *kvefsebøni* tri vendur. Daa kann ein gaa innaat reire, kvefsane er bundne. Dei har ikkje magt til aa stinge, dei berre krek. Ein maa kje nemne kvefsen paa namn, for daa stikk 'n. (Uppdal.)

92. Drep ein *kingel,* misser ein saulukka si. (Uppdal o. fl.)

93. Med *lusi* fylgjer det lukke. Fyrr var det sume, som jamvæl aat ho.

Gamle Pipargara[1] var so i sorgi eit tak — ho fann ikkje lus paa seg. Men daa det leid paa, fann ho sju med ein gong, og daa vart ho heiltupp eit nytt menneskje. (Lyngdal.)

94. Naar *flye* bit fælt, kjem det regn. (Aalment.)

95. Naar det krabbar *myhank* paa snøen eller 'n flyg i vére um vinteren, kjem det tøyr. (Nore.)

96. Naar den svarte *regnsnigilen* er ute, so bli det regn. (Nore.)

97. Naar det krabbar *agnemakk* paa snøen, kjem det millvér. (Lyngdal.)

98. Er *loppen* myrk eller svart i liten, bli det regn. (Nore.)

99. Naar det skvett or *loppen* eller *padda,* ventar dei regn. (Lyngdal).

100. Naar ein gjeng stad *fiske,* maa du aldri ynskje 'n til lukke, for daa fær 'n kje noko. Men kastar

---

[1] Ho var fraa Nore, men budde i Rust i Lyngdal paa sine gamle dagar.

du sopelimen eller ein varmesnørt e ter'n, har han lukka med seg. (Lyngdal.)

101. Naar ein skal paa *fisking,* maa du aldri ynskje han til lukke paa ferdi. Daa er det likare aa sputte etter 'n.

Ein, dei kalla Knut Áamotguten, var so næm paa det soleis. Folk gjordest paa aa ynskt 'n tillukke, naar han skulde av aa fiske.

„Kjyss me' i føe!" sa han, og so sat han heime. (Nore.)

102. Naar *fisken er lausbeitt,* ventar han regn. Bit fisken godt, bli det fint vér. (Lyngdal o. fl.)

103. Takkar du for ein *fiskekrok,* fær du aldri fisk paa 'n. (Lyngdal o. fl.)

104. Gjeng du inn med *agn* naar du vil stad fiske, kjem du att vatsfis. (Lyngdal.)

Plantur.

1. Er det mykje *raunebær,* bli det ein vaat haust. (Flesberg, Nore o. fl.)

2. Er det mykje *bær paa heggen,* bli det mykje konn. (Nore.)

3. Bli *heggje-lauve* styggt tidleg paa aare, bli det mykje skjemt høy. (Lyngdal.)

4. Naar inkje *lauve* taa trea vil falle,
bli det ein streng vinter før kann alle." (Nore.)

5. Naar *lauve* heng lengi paa trei um hausten, skal det bli lang utegong. (Flesberg.)

6. Kjem *karvegroen* um vaaren, fyrr snøen har reist, so bli det seig vaar. (Nore.)

7. Naar *grase gror* heilt inn til snøkantane um vaaren, skal det bli hard vaar. (Lyngdal.)

8. „Dæ tòppàr saa ti'le' grase iaar, dæ bli vel tørke-saammaar.“ (Lyngdal.)

9. Naar *orelauve* er stort som musøyrur, bit auren. (Lyngdal.)

10. Naar det gyv av *brisken*, bit tryta. (Lyngdal.)

11. *Jomfru-Mària-blomen.* „Den vonne sa, 'n hadde liksaa fin hann, han, som Jomfru-Mària. Saa ba' 'o Vaarherre, om 'n ville la dæ vækse opp enn blome, som kunne syne, hòss'n hanna hennàs va', aa hòss'n 'o va' hanna aat den vonne. Daa skapt 'n Jomfru-Mària-blomen. Den gvite rota æ hanna aat Jomfru-Mària, den svarte æ aat den vonne“. (Flesberg.)

12. *Røslyng.* „Døm hadde inkje sett røsslyng i Rølla' før i presten Kroks ti; da va dæ nokon, som hadde fønne av 'o i Skarpmon-mogen aa tok mæ sei te presten aa spurte, haa dæ va'.

„Dæ er jordens graa haar,“ sa han; „jo ældre jorden blir, jo mere blir det av den.“

Han skulle vara saa klok, den presten Krok.“ (Flesberg.)

Sol, maane, stjernur, vérlysur o. a.

1. Naar det er ur fyre *soli* um morgonen, bli det hardvér; er det ur um kvelden, bli det mildvér. (Lyngdal.)

Er det ur og gard kring soli, bli det regn. (Nore.)

2. Naar *soli* „li'ar sei“ um kvelden, bli det godvér dagen etter. (Lyngdal, Nore.)

Naar *soli* lidar seg torsdagskvelden, bli det fint vér i næste viku. (Nore.)

3. Naar *soli* „gror inn“ um kvelden, bli det regn dagen etter. (Lyngdal.)

4. *Solkvervs-dagen* skulde dei kje baka og ikkje bryggje eller ta seg fyre noko vigtugt arbeid elles, for daa gjekk det gale. Bryggja dei den dagen, gjekk tappen or bryggjekolla. (Uppdal.)

5. Naar det er ein tunn, vid gard kring *maanen,* kjem det vind og ein litin snødett.

Er det ein litin tett gard kring maanen, kjem det stor snø.

Er det ein gard med fleire litir ikring maanen, bli det linne. (Lyngdal o. fl.)

Er det ein litin ring ikring maanen, kjem det snart snø. Er det ein stor gard kring maanen, spaar det upphald. (Nore.)

6. Naar me fær *ny,* bli det anna vér. (Aalment.)

Naar maanen stend høgt paa himelen, bli det kaldt; stend 'n laagt, bli det mildt. (Aalment.)

7. Naar ein stend med noko i handi eller gjer paa noko fysste gongen, ein ser *nye* paa det nye aare, skal det gaa ein godt det aare. Gjer ein ikkje det, spaar det ille. (Uppdal.)

8. Naar *stjernune* gror inn og bli dimme, bli det uvér. Bragar stjernune, bli det vind. (Lyngdal.)

9. Naar ei *stjerne* rapar, skal det andast eit menneskje. (Lyngdal.)

10. Er det ein myrk botn under *verlysune,* bli det snø etter. Er det ein ljos botn under dei, bli det vind og upphaldsvér. (Lyngdal.)

11. Naar dei gamle saag *„vindlysur“*, sa dei: „Dæ æ vinnlysu' i kvell; no æ dæ visst størm paa sjøen.“

Dei trudde lysune var atterskin av sjøen. (Uppdal.)

12. *Hellebrauti*[1] er ei kvit sky, som dei ser um kvelden um hausten. Ho er aust og vest tvert over himmelen. Er ho tunn i vestkanten, bli det snø fyre jol. Er ho tjukk i austkanten, bli det mykje snø etter jol. Men er ho like tjukk over heile, bli det lite snø den vinteren. (Uppdal o. fl.)

Er det mykje kvite dottar i hellebrauti, tyder det snø. Av det kann ein lesa seg til snøane um vinteren. (Nore.)

13. Naar *tora* slær i opi fòr[2], bli det ein kald sumar. (Lyngdal.)

14. Er det *solgangs-vind*, bli det fint vér.

Er det *sunnan-vind*, kjem det regn (snø); er det nordan-vind, bli det fint vér.

Naar det er *vestan-vind*, er det storm paa sjøen.

Naar det er *kvervil-vindar*, bli det uvér.

Kjem det varme *vind-gustar* um vinteren bli det stygt vér. (Uppdal.)

15. Naar *røyken* gjeng beint upp, bli det fint vér. (Uppdal.)

16. Naar det er *skybotnar* og *braavarmt* um sumaren, kjem det regn. (Uppdal.)

17. *„Røe dæ* paa skye om mørgon, bli dæ anten vind ell' regn.“ (Nore.)

18. „Æ dæ *vindkroka* paa, bli dæ vind ell' regn.“ (Nore.)

---

[1] I Flesberg kallast ho *Vintergata*.

[2] Plogfòri um vaaren.

19. „*Kjævla' skjye* se', kjem dæ regn." (Nore.)

20. „Stenn *skodda* paa tæan', bli dæ regn" .(Nore.)

21. „*Braana' skodda,* bli dæ høyvér. (Nore.)

22. Naar det stend *vérboge*, bli det „smaavér."

Stend vérbogen ned i eit vatn, so bli det regn; stend han ned i ein turr haug med endane, so bli det upphaldsvér. (Nore.)

„Æ dæ vérbøgje, etter aat sole æ avfjella, so bli dæ svaalt." (Nore.)

24. Ein litin *stolpe* til vérboge kallast godvérsstølpe og spaar upphaldsvér. (Nore.)

25. „Dær *værbaagaan* gaar opp ifraa, skà dæ staa eit rømme-graut-spann, sier døm." (Flesberg.)

26. „*Austa' glette* gjev vaat hette, sonna gløtt gjer i mørgo gøtt." (Nore.)

27. „Løkja fjoren[1] se', bli dæ meir *regn*. (Nore.)

28. *Skølle* praamen paa vatne, bli dæ regn. (Nore.)

29. „Naar dæ glise i bergo, bli dæ regn." (Nore.)

30. Naar vatne minkar tvert i bekkine, so kjem det snart regn. (Flesberg, Nore o. fl.)

31. „Æ dæ regtig dogga fleire mønna etter einanne, so kjem dæ snart regn." (Nore.)

32, „Ette tri rimnætta, bli dæ vind helø regn." (Nore.)

33. Konn*snøen* bli aldri liggjande ovanpaa. (Lyngdal, Nore o. fl.)

34. Etter *vér-is* kjem det snø eller linnvér, (Lyngdal, Nore.)

35. Den *snøen,* som legg seg i veggjemoti, bli kje lenge liggjande. (Nore, Lyngdal o. fl.)

---

[1] Norefjorden.

36. Naar det lagar seg bublur paa vatne, naar det regner, bli det *flaum*. (Lyngdal.)

37. Naar vatne „løkjar“ seg, bli det langregn. (Lyngdal.)

Dagar og aarstidir.

1. Trætta dei *nyaarsdagen*, kom dei til trætte heile aare. (Uppdal.)

2. Naar dei trekste, spann eller karda fysste gongen etter *nyaar*, eller hadde gjort det, so kalla dei dei fysste, som kom, „embætsfolk“. Det fysste kvinnfolke, som kom, vart „laavekjerring“, „rokkekjering“ eller „karekjerring“, og ho maatte ikkje ha vori der paa garden etter nyaar. Kvinnfolki slo berre nokre slag med flygelen, spann og karda litt, og den fysste karen, som kom, vart „laavemann“, „rokkemann“ eller „karekall“. Det maatte kje vera den same alle tri gongine. Var „embætsfolki“ gamle, vart det klent konn, og lite ull paa sauine; men var embætsfolki unge, vart det gildt konn og mykje ull. Var dei rike eller saag godt ut, um dei var gamle, spaadde det betre. Kom det bonn, so sa dei: „Dæ æ kje sak faa slike embæ'sfolk. Dei veksa i hendan.“ (Uppdal.)

3. „Laavekjerringa“ skulde gjeva guten eit vottepar. „Rokkemannen“ skulde gjeva gjenta ein handteinrokk. So hadde dei noko dei kalla „Sopargut“ og „Stabbekjerring“ au. (Lyngdal.)

4. Dei maatte ha att av jolematen til *tjugendagen*, fysst daa var joli slutt. (Lyngdal, Uppdal o. fl.)

5. Dryp det av take *kyndelsmessdagen*, bli det tidleg vaar. (Uppdal o. fl.)

6. Dryp det tri drop av kyrkjetake *kyndelsmessdagen*, er det merke paa god vaar. (Lyngdal, Nore.)

7. *Kyndelsmess* maatte ikkje fórstaden vera meir enn halvgjevin. Seks vikur paa sumaren rekna dei, at krøteri var framfødde. Venta dei til aatte vikur paa sumaren med aa sleppe krøteri, kunde ein ha dei beint til skogen og ikkje beite gjorde. (Lyngdal.)

8. „*Mars* æ alder so kall, anna 'n gjere veigen hall.“ (Vegglid o. fl.)

9. So stor, som snøen ligg paa hustaki *marimessdagen*, skal han ligge paa jordi *sumardagen*. (Lyngdal, Nore.)

Det, som renn fyri *marimess*, skal standa etter. (Nore.)

10. Set ein ei hevle[1] med vatn i uti gongen *natti millom skjertorsdagen* og *langfredagen*, og det er frosi is paa 'o til um morgonen, so kjem det frost paa konne um hausten. (Lyngdal.)

11. Skin ikkje soli so mykje um *langfredagen*, at ein kann sala ein hest, so treng ikkje fjellmannen saa. (Vegglid.)

12. Det vére, som er tridjedag *paaske* varar til tridjedag pins. Um det berre er nokre bil um dagen, so liknar det. (Uppdal, Nore, Vegglid o fl.)

13. Snøgar det *sumardagen*, skal det koma ni snø'ar um vaaren. (Vegglid, Nore o. fl.)

14. So lengi bekkine renn fyri *sumarnætt'n*, so lengi skal dei staa etter. (Lyngdal.)

15. *Sumardagen* koka det sumargrauten. Det var rjomegraut. Vart det mykje fløt paa 'n, fekk dei mykje

[1] Vatsbytte.

mjølk og smør av krøteri og hadde lukke paa dei um sumaren. Gjorde det seg vrangt og vart lite fløt paa sumargrauten, spaadde det ille. (Lyngdal.)

16. *Sumardagen* maatte dei kje eta kjøt, for daa kom bjønn og skrubb til tyne buskapen um sumaren. (Lyngdal.)

17. „*Mai* værm, gjør bo'n ærm; mai kulde, gjør bo'ns lyur fulle". (Flesberg o. fl.)

18. „*April* væte o *mai* kulde gjer bondins lader fulle." (Nore.)

19. Det er bra, det er skòkleturk i *vaaronni*. (Vegglid o. fl.)

20. „Dæ tinar saa ti'le' fraa husveggjin' i *vaar*, 'n bli vel seig snøen i aar." (Lyngdal.)

21. Reiser *isen* mot fossen bli det godt aar. (Nore.)

22. Rotnar *isen*, bli det mykje rote høy. (Nore.)

23. „Kjem Økta[1] mæ jølleform, so bli dæ *kønn* i grenne mæ." (Nore.)

24. (Ospegrenni ligg upp mot fjelle. Flotte er eit fjell, som ligg mot Eidsfjelle, sunnanfyre Ospegrenne.) „Dæ nytta' kje *saa* i Ospe, før Fløtte-mann' har kjøyrt ut møkere si" (d. e.: vorti flekkebert i Fløtte). (Nore.)

25. Det er best la vera *saa* nedved fjorden[2] til *isen* har reist. (Nore.)

26. Naar snøflekkine i Tekslehogge er store som kyr, er det passe tid aa *saa bygge*. (Lyngdal.)

27. *Snø* um vaaren radt etter *det er saatt* er jamgod med ein tallespranning. (Lyngdal, Nore.)

---

[1] Tverelv i Nore.

[2] Norefjorden.

28. „*Hæljemon* om vaaren gjør *vikusmon* om høsten.“ [1] (Flesberg.)

29. *Pinseregn* er sjeldan godt. (Vegglid o. fl.)

30. Gjeng *Hundedagane* inn med regn, gjeng dei utatt med solskin; men gjeng dei inn med solskin, gjeng dei utatt med regn.

Sume segjer au, at gjeng Hundedagane inn med regn, gjeng dei utatt med væte. (Aalment.)

31. Er det fint vér fjorde og femte *Hundedagen*, bli det fint vér, so lengi hundedagane varer. (Nore.)

32. „Hondedøgan gjev fjellmann brø'.“ (Nore)

33. *Jakop Vaathatt* (25. juli) lyt faa væte paa hatten sin, elles bli det ei kald haust. (Nore.)

34. Gjeng *Sjusovarane* (27. juli) inn med fint vér gjeng dei utatt med regn; men gjeng dei inn med regn, gjeng dei utatt med fint vér. Sameleis er det med hundedagane. (Uppdal.)

35. Er det regn *Sjusovardagen* bli det regn i sju vikur. (Lyngdal, Nore.)

36. Naar ein høgg ned lauvskog *Sjusovardagen*, runer det kje etter. (Flesberg.)

37. Kring *Olsok* (29. juli) ventar dei Olsok-flaumen. Daa gjeng den fysste fisken paa elvir og bekkir. „Aakerbleiken“ kallast den fisken, som „gjeng“ so tidleg. (Lyngdal.)

38. Regner det *Kvenneknarren* (1. septbr.) bli det ein vaat haust. Er det upphaldsvér den dagen, bli det lite kvennevatn um hausten. (Lyngdal, Nore o. fl.)

39. *Helgjemess* (1. novbr.) gjeng bjønnen i hie. (Lyngdal.)

---

[1] Heljemon — fraa laurdag til maandag (med saadnaden). „Vikusmon“ om høsten — med skurden.

40. „Ve' *helgjemess-løyte* kann enn vente helgjemess-sludde mæ snø aa regn. Jamnast bli dæ ei bekkje-fyll da." (Lyngdal.)

41. Naar *fysste snøen* um hausten legg seg heilt nedaat vatni, bli det lang utegonge for krøteri. (Lyngdal.)

42. Naar *snøen* legg seg mykje i lauvskogen, bli det millver. (Lyngdal.)

43. Slik som vére er fraa *vinternætt'n* til jol, so bli det fraa sumarnætt'n til jonsok. Slik som vére er fraa jol til ei viku fyri marimess, bli det um sumaren. Slik som det er fraa ei viku fyre marimess og til sumarnætt'n, bli vére um hausten. (Uppdal.)

44. Nokre dagar fyre jol kann ein vente *„lefsetøyen"*. Daa fær folk greide seg betre med lefsebakingi til jol. (Flesberg, Lyngdal.)

45. *Jolekvelden* tok dei ein kniv, „som va staal i", og krossa over alle dynnar. (Uppdal o. fl.)

46. *„Brega skogen* ell æ stakka joledagsnotte, bli dæ gøtt aar". (Nore.)

47. Er skogen stakka av snø *joleftan*, bli det godt aar. (Aalment.)

48. Samla det seg mange *smaafuglar i jolebande* um *joleftan*, var det merke paa godt aar. (Flesberg o.fl.)

49. *Joleftan* maatte dei setja krossar over alle dynnar og i tappen i øltunna, so kje haugtye skulde faa magt til gjera ugagn. Og so maatte dei setja kross i sopelimskafte, elles reid trollkjerringane av med 'n, for i joli var alt trollskap ute. (Lyngdal.)

50. Naar dei hadde lauga seg *joleftan*, maatte dei *hevja ein glod i vatne*, elles fekk trollskape magt med dei. (Lyngdal o. fl.)

51. Naar dei sat tilbords *jolekvelden*, maatte *ingin*

sjaa under borde. Datt det ned noko, laut det ligge, til dei hadde eti. (Lyngdal o. fl.)

52. Naar dei fløytte fløte av kjøtmatgryta *joledagen* og sette det burt til det storkna, var det feige folk i huse, vart det dompir i flote. (Lyngdal o. fl.)

53. I *joli* maatte *ingin spinne*, elles kom det til gaa rundt for dei heile aare. (Lyngdal.)

54. Naar ein hogg kjøt um *sundagen*, kjem krøteri til beinbrjote seg. (Uppdal.)

54. Dei, som hentar *bær* paa *sundag*, gjeng i blod til knes. (Uppdal.)

55. *Sundagsregn* varer viko ut. (Aalment.)

56.

Torsdagen er ein vérbr'otar.
fredagen æ kje viko lik,
o lau'dagen har kje jamt vøri slik." (Nore.)

57. *Laurdags* regn varer kje til sundags messe. (Aalment.)

58. Naar ein *syng um morgonen*, gjeng det gale um dagen. (Uppdal o. fl.)

59. „Lær du om maaraan, mæ samma du kjemopp, kjem du i „katteføa" enna kvellen." (Flesberg.)

60. „Naa' regne kjem i dogga om maaraann, bli dæ kje mykky ta dæ." (Flesberg.)

Anna.

1. Naar ei *kyr mjølka meint,* skulde dei mjølke gjenom ein ring, som maatte vera arvesylv. (Uppdal o. fl.)

2. Det var ein mann her nord i bygdi, som fekk ein sjuke, so 'n ikkje orka svalle. So reist 'n til Kristiania, vilde til doktarane der og faa ei raad. Men daa

han kom til Sandviken, trur eg det var, so fekk 'n vita, at det var ei kjering der, som var so flink til doktere for alle ting, og so gjekk han til henne.

Ho tok og heldt ei kald vatsause over hovude paa 'n og rende *braaje bly* nedi ausa.

„Fari me, trur e' kje, o' konna noko mæ, dæ small i ausa," sa han.

Men han fekk no kje til fullnads att maale sitt. (Uppdal.)

3. Dei sette *staal* (ein kniv) over fjøsdynni eller la det under dynnestokken, naar dei slepte krøteri um vaaren. (Lyngdal o. fl.)

4. Dett det ein *kniv* i golve, kjem det ein karmann til gards; dett det ned ei *skeid,* so kjem det kvinnfolk. (Lyngdal.)

5. Rustar *ljaaen* eller *kniven,* etter dei er slipa, kjem det regn. (Lyngdal, Uppdal o. fl.)

6. Takkar du for *naalir,* kastar du dei burt; takkar du for *gjær,* er det ingi hjelp i 'n; takkar du dei, som *gjer gode att krøter* eller folk, so munar det ikkje. (Uppdal o. fl.)

7. Naar det *eldar paa gryta,* bli det fint vér. (Uppdal).

8. Naar det *eldar paa gryta,* skal ein snart koma med i ei brudferd. Etter som eldingi er lang til, skal brudferdi bli stor til. (Lyngdal.)

9. Naar dei *mjølka ei kyr fysste venda,* etter ho hadde bori, so maatte dei ha ein dvergestein i ringja, vilde dei ha lukke av ho. (Uppdal.)

10. Naar kyrne *mjølka ureint,* tok dei upp ein jordfast stein og mjølka paa den, og so la dei 'n att, der han hadde legi. Daa vart kyrne gode att. (Uppdal.)

11. Det var ein burti Sigdal, som vaaga med ein annan ein, at han skulde setja upp luva si for 'n til skotmaal — hin skulde ikkje raake. Den andre var ein dugande skyttar, god byrsa hadde 'n, og ikkje var det langt halde. Han la seg uppaa ein bordstabel og skaut og skaut, og kulune dansa kring luva, men ho fridde seg. Men so fekk 'n lura seg inn i skjole og hadde noko *sylv* ned i byrsepipa, la seg upp paa bordstabelen att, sigta væl og drog av. Daa fekk luva det. (Lyngdal.)

12. Gamle Haakon Sandsbraaten i Sigdal hadde ein gamall fillegamp, som 'n vilde ha til bjønneaate. Uppaa Flaagan-eiga var det ei bjønnestilling, og han drog dit med denna hesten, vilde skjot 'n deruppe. Daa han fór framum Velta, kom Haakon ut og hevde ein *kolabrand* etter 'n.

„Du treng kje bri dei aa reise no'n sta'n mæ hesten, du faar kje skote'n!" sa han.

Men Haakon Sandsbraaten rusla no iveg leil, han. Daa han kom upp til stillingi og skulde greide hesten, so fekk 'n kje skote til gaa av. Han prøva fleire vendur, men det nytta ikkje. So laut han binde hesten daa og fara til bygdar att etter ei onnor byrse. Komin eit stykke nedover, vilde han freiste, um skote gjekk daa. Og daa small det med ei vende.

Han fekk seg ei onnor byrse, og daa laut hesten i bakken. (Lyngdal.)

13. Naar framandfolk gjekk utatt, *kasta dei gjerne ein varmeglod* etter dei. (Lyngdal.)

14. Naar det *sprakar* frampaa golve, kjem det framande. Sprakar det langt burtetter, er det langframande. Ligg glørne lengi og glør, fyrr dei sloknar, er dei rike dei, som kjem. (Lyngdal.)

15. Det har so mykje paa seg, *kven ein møter,* naar ein tek ut paa ferd. Til vandare reisi er, til meir det spelast um for lukke og vælferd, til meir har det aa segja.

Beste møte er køyrande eller ridande; so kjem gangande, som ber paa noko; so dei, som gjeng tomreipes. Ein tumsing er eit klent mot. Til meir lytelause dei er, dei ein møter, til betre er det. Soleis er det betre møte ungdom enn gamle folk. Ein karmann er god aa møte; men møter ein eit kvinnfolk, gjeng det gali. Ho-une er uslare aa møte enn han-ane anten det er dyr eller menneskje. (Nore o. fl.)

16. Naar ein skal paa fiskje, eller ein skal flytja paa sætri um vaaren har det sers mykje paa seg, *kven ein møter.*

Brynhild Brekke (Nore) var so fæl til tru paa trolldom og varsl. Ho kunne bli so eitrande arg, naar ho møtte kvinnfolk, naar ho flutte til sæters. Og so hadde folk moro av aa terge paa ho og stelte seg i veg for ho. — Eit aar hadde det vori so klen busumar. „Aa ja, dæ va' kje ana vente. Dæ rann ei mus over veigen, daa e' reiste te sæters“, hermer dei etter henne.

Ho hadde so mange konstir, ho bruka, ho Brynhild, til halde seg inne med dei undergjordiske og til bergje seg, so kje folk kasta vondt paa kyrne hennar. Ho stelde vel krøteri hell klent, og so trudde ho, folk trolla paa dei og magtstal dei. (Nore.)

17. Stigar eit *kvinnfolk* over fiskestongi, fær ein kje vidare fisk med ho sea. (Flesberg o. fl.)

18. Er den, som *fysst kjem til gards paa det nye aare,* eit kvinnfolk, er det eit klent merke. Men kjem

det ein kar, so spaar det godt. (Flesberg o. fl.)

19. Har ein paa seg *vrange klæd-plagg*, kjem ein til handle den dagen, eller so kjem det til gange eitkvart vrangt. (Uppdal.) Vrang vest er allraverst. (Vegglid.)

20. Slæppe-Anfinn sa, at naar *noko var burte*, og ein ikkje kunde finne det att, so hadde develen lagt seg over det. (Uppdal.)

21. Dei skar ein *kross* over kvar kyr i fjøse og ein i dynnestokken. Daa kom det kje vondt paa krøteri. (Uppdal.)

22. Naar kyrne skulde til sæters um vaaren, sette dei *tjørukrossar* i panna paa dei. (Uppdal.)

23. Naar det var ei kyr, som hadde vondt i gjure, strauk dei det med ei *salmebok*. (Uppdal.)

24. Naar ein *veg til* noko for ein og det høver, so ein ikkje treng leggje paa eller ta av, kjem ein ikkje til vega *til* meir for det menneskje. (Uppdal.)

25. Han Narve Ravnaas (Sigdal) var her paa garden og svavra koppar. So var han austi morki skulde sjaa ut emne. Naar 'n daa hadde leita seg upp ei osp, som var brukeleg, gav han seg til standa einglana upp i toppen paa ho, og best det var, flaug han rundt ho regtig brennheitt tri vendur.

So spurde han far'n, kvifor han gjorde det.

„Aa, døm plaa kje ha saa lett fær aa sprække," sa han. (Lyngdal.)

26. „Naa' du *sit paa skammilen*, glømmer du visunn dine." (Lyngdal.)

27. Naar du *kjøler paa beini* um vinteren, kjem det so djup snø, som du kjøler høgt paa beini til. (Lyngdal.)

29. „Naa' du legg ullfillur unner gryta, naa' du kokar noko i 'o, so brenn dæ kje attaat." (Lyngdal.)

Lækjeraadir.

1. For „*elvegust*“[1] bruka dei elve-næver, ein slags *mose*, som veks paa trei. Skulde det muna for karar, maatte elve-næveren vera vaksin paa *rognekallar*, for rogn er *han* det, veit du; skulde det hjelpe for kvinnfolk, maatt'n vera vaksin paa *siljukallar*, for silju er *ho*. (Nore.)

2. Elvegust-næver er *næver av raun*. Den bruka dei aa røyke seg med for *elvegust*.[1] (Nore.)

3. For *livsjuke* koka dei *tepperot* i mjølk og drakk. (Nore.)

4. *Tepperot* bruka dei for *livsjuke*. Dei turka roti og lòga ho ut i vatn, eller allrahelst i brennvin, og drakk. (Nore.)

5. For *halsbøl*[2] koka dei *halsbøle-rot* i vatn og drakk det. Eller so gjekk dei togg paa denne roti og svelgde raakin.

Halsbøl-grase veks i skogen; det er hell høgt med ein stiv stylk; um hausten ber det grøne bær, som sit paa smaastylkir. (Nore.)

6. *Mosott-grase* veks paa turre torvur paa steinar og soleis. Dei turka det og koka det i vatn, eller allrahelst hadde dei det i brennvin, og drakk det for *mosotti*. (Uppdal.)

---

1) Helvedes-ild.

2) Halsverk.

7. *Styngju-grase* veks helst paa vatslende stellur. Dei turka det med og koka det i vatn, eller hadde det i brennvin, og so drakk dei det for *styngir i skrotten.* (Uppdal.)

Styngju-grase koka dei te av og drakk for styngir og vondt i skrotten. (Flesberg.)

8. *Tette-grase* veks helst der det er litt vaatslend jord. Dei bruka det i staden for *kjæse.* (Uppdal.)

9. *Saare hendar* er bra aa nika inn med *lækjeblad.* Lækjeblad er bra leggje paa saar med. (Uppdal.)

Lækjeblekkje la dei paa saar. Dei var best dei blekki, som ormen hadde vait seg ut. Naar ein orm blir forderva-slegin, so leitar han seg ut lækjeblekkje og tullar seg inn i; daa bli 'n godatt paa timen. Blekki, ormen soleis har bruka, er beste lækjedomen i. (Flesberg.)

11. *Fisisopp* hadde dei i *saar,* som heldt seg vætsine, og paa smaabonn for *saarkje.* (Nore.)

12. Dei turka *kvitkløver* og koka te paa og drakk for *kvitflod.* (Nore.)

13. Dei karva *kvitlauk* og lòga'n ut i vatn og hadde noko brennvin i denna lògen og drakk 'n for *styngir i magen* og andre stader. Sume aat karva kvitlauk med for sovore. (Nore.)

14. For *bringebrenning* bruka dei aa maule turt *havremjøl.* (Nore.)

15. Dei brende *lin*fillur, so dei vart berre som kol — det kalla dei *lo* — og hadde i *saar,* som ikkje vilde turke. Dei bruka lo paa smaabonn med for *saarkje.* (Nore.)

16. Dei leita upp *turrbrisk,* kløyvde den smaa og pinna 'n i ei gryte, som dei kvelvde paa ei flat steinhelle, som halla litt. So tetta dei væl til med leir

ikring og brende rundt gryta. Daa kom det rennande ei blank fin smyrju i ei lækje, som var laga til, og ned i ein kopp, liksom naar dei brenner tjøru. Det var *briskesmyrju.* Ho vart bruka til *grøde saar,* til smyrja seg med, naar ein hadde *slegi seg,* og til anna med. (Uppdal.)

17. *Einebær-olje* bruka dei aa smyrja seg med for bròt og støyt og vred og for verk i skrotten o. a. „Dei drakk 'n mè, naar dei hadde magaklypa". (Nore.)

18. *Kva-smyrju.* Ein tek (helst) rennekvae, brunt sukker og søtrjome og kokar saman og silar gjenom ein klut, so bli det so rein og fin ei smyrju. Den kann dei daa bruke i *saar,* naar ein har hoggi seg, for *verkir* og for anna vondt. Rjomen og sukkere grøder og kvao trekkjer[1]. (Lyngdal o. fl.)

---

[1] I fyrrnemnde „Optegnelser" fraa 1751 fortel professor G. T. Holm: „Qvau eller Qva er I. god Qvau, som er bedre, og a. Dræk-Qvau (skal vera *drit*-kvau), som er slettere. Man ser her i Nummedalen alle Mennesker, unge og gamle, stedse ligesom tygge Drøv, da Mandfolkene enten har et stykke Røgtobak at tygge paa, eller Mandfolk og Qvindfolk har et Stykke av denne Qvau eller Qva i Munden, som er et slags Harpix, der af sig selv sveder ut ved Luftens Varme af Grantræerne. Naar samme først tages i Munden er den ganske sprød og gaaer i Smuler, men naar man nogen Stund har tygget paa den, helst med Kindtænderne, bliver den blød og seig efterhaanden, men gaaer man og tygger et Par Timer paa et og samme Stykke, bliver det atter sprød og gaaer i Smuler, da det udspyttes som unyttig. Man kan ikke uden Væmmelse see, naar den ene kommer til den anden og beder om noget sligt Qvau, hvorledes de trækker ud af Munden et langt seigt Stykke fuldt af Spyt, hvilket den anden, uden at tørre det, med største Appetit og Begierlighed tager straks i sin Mund og tygger derpaa som en delikatesse. Denne Skik kontribunerer ogsaa formodentlig meget til, at veneriske og andre smitsomme Sygdomme sea let her i Nummedalen udspreder og forplanter sig."

19. *Tjøru-vatn* drakk dei for *tæring*. Dei slo vatn paa tjøru, rørde det saman og let det stande, til tjøro sikna. Det vatne, som daa vart standande uppaa, var det, dei drakk.

Sume drakk *tjøru-vægje* au for tæring. (Lyngdal o. fl.)

20. Dei brukar *tjøru* aa smyrja seg med for *saare bein* og sovore; men det er no kje alle, som toler ho.[1] (Uppdal.)

21. *Høymø-graut* brukar dei paa same maaten som kva-smyrju for *verk og tròte*. (Lyngdal.)

23. *Lusehatt* bruka dei til *drepa flugur* med. Dei tok roti, turka og karva ho og slo vatn paa og strøydde sukker over.[2] (Aalment.)

24. *Knetagras*, dei kalla, koka dei i vatn (utan aa turka det) og vaska seg med for *knet og lus*. (Lyngdal.)

25. *Sinnkonn-rot,* dei kalla, karva dei og koka i søtrjome (utan aa turka ho) til smyrju, som dei bruka paa *saar*. Soleis bruka dei ho til smyrja ungarne med, naar dei var *saare i hovude,* paa kyrne, naar dei var saarpatta, o. s. fr. (Lyngdal.)

26. „*Mark-ølje*" bruka dei til smyrja seg med for

---

[1] I fyrenemnde „Optegnelser" fraa 1751 fortel professor G. T. Holm: „At Køernes Potte ei skal blive ømme eller sprække, tvære de sød Fløde og Tiære tilsammen, og gnide Patterne med lidet heraf hver Gang de skal mælke."

[2] I fyrrenemnde „Optegnelser" fraa 1751 fortel professor G. T. Holm: „Luuserot eller Luusehat kaldet, bruges Roden, opgraven frisk og kokt i reent Vand, til at vaske Børns Hoveder med, da der sagdes, at de aldrig skulde faa Luus. Samme Dekokt eller Vand sagdes ogsaa at fordrive Væggeluus. Jeg saae selv, at en Kone tog denne Rod, skar den smaat og kokte den med sød Fløde; hermed smurte hun sine Børns saarede Hoveder, da det baade fordrev Luusene og tørrede Saarene."

ymse vondt. Dei hadde agne-makk paa ei flaske og korka ho væl og let ho stande, til makken løyste seg upp. (Lyngdal.)

27. Gamle Hallvor Buin-sætra hadde ei god raad for *tannverk*. Ein skulde ta varm *mannlort* (med same han var komin), ha han i ei fille og leggje *den* paa tannkjøte. Det muna radt. Hallvor hadde prøva det so mang ein gong. (Lyngdal.)

28. Ingebjørg Ose, Lyngdal, var so flink til greide med *augune* aat folk. I 1850-aari var det so mange til ho, baade bonn og vaksne. Det fór visst ein augnefarang daa. Eg var der daavisst med ein av ungane mine, med dei var smaa. Det var fælt, so mykje ho vaska or augune; det var liksom nokre sannkonn eller ein slags grus. Ho bruka kje anna enn fingrane, utan naar det var blæme paa augo, — daa pirka ho hol paa den med ei naal. Ho var so lett paa handi og fór so fint. Noko slags smyrju bruka ho ikkje, det eg saag. Ho og mann hennar reiste til Amerika. (Lyngdal.)

29. Naar dei hadde vondt i *augo*, bruka dei aa tugge *tobak* og sende ei dugeleg klyse i det vonde auge. Det sveid stygt, men hjelpte jamnaste. (Flesberg.)

30. For *ringorm* bruka dei *brynesaur*. Dei vætte tvo brynesteinar og gnika mot einannan og smurde sauren paa ringormen. (Nore.)

31. Det var, med eg var heime paa Brandskar, eg var berre gutungen aa kalle. So skulde eg bera hevd utover paa ein bratt aaker ovan husi. Dermed so tok eg væl mykje i tròge, og so datt eg i no[1] og raaka

---

[1] Paa kne.

ein nibbestein og slo eit lite hol i knee. Eg gjorde no kje meir ta detta, fetla det kje eller noko, anna gjekk med det. Men so kom det uvini[1] i det, og knee vart so stort og fælt at, og eg var dugeleg klen. Far var vond paa meg, for eg hadde gjengi soleis med det og slurva, og sa meg fyre, at eg skulde ta ei *bly*-kule og gaa nedi smidjo — far var smed, han, ser du — og banke og tynne ho ut, til ho vart tunn som eit lauv, so laut me prøva med det. Eg so gjorde. Daa eg kom innatt, tok 'n far og la detta tunne blyblade paa berre knee mitt, so la han lereftsfillur over der og fetla det til. Av og til hadde eg det av att, og daa var det so mykje verk og stygt paa blye, som laag over, at det var fælt. Men det var kje lengi, fyrr knee var like godt.

So var det vel aare etter, tenkjer eg, eg var sud til Gallaak med eit mellelass; der var kvenn der. Daa var det ei gjente der, som var vel so paalag jamaldringen min, tenkjer eg; ho heitte endaa Gro den gjenta. Ho hadde eit verkjekne og var so klen, ho laag. So kom eg til tala um, koss *eg* hadde vorti godatt i knee.

„E' trur, e' har noko bly einsta'; e' fær finne te dæ, so æ kje du Hallvor verr, hell du tynne ut ei plate — detta vil me prøve. So gjeng e' nor o grei'e mæ kvenne," sa far hennar.

Eg fekk noko bly, eg banka det endaa ut paa ei øks, og so la dei det paa knee aat gjenta, som eg sa fyre. Og ho vart med godatt um nokre faa dagar.

Nei, bly gjer baade reinskar og grøder, det. (Uppdal.)

---

[1] Vondt, verk.

Gu'brann Later.

(Fraa Lyngdal.)

Han va' ifraa Sigdæl, han Gu'brann, aa fulle namne hass va' Gudbrand Gulson Bakken. „Later“ va' noko døm kalla 'n, fær 'n hølle paa aa aarelatte folk aa dyr. Han va' saa lækjekunnig aa vart henta alle sta'na i Sigdæl, og i andre bygdær au, til folk aa dyr, som va' sjuke, aa va' fælt gløgg te skjønne sjukdomær aa lækte baade mæ melesin aa ve' aa stelle mæ dæ, som va' sjukt.

Vi hadde ei lita gjenta, vi, paa dæ aatt'nde aare; ho va' enda saa frisk aa rau'lett aa snill den vesle gjenta. Saa vart 'o sjuk; dæ va' magan, dæ va' saa gæle mæ, aa saa gav 'o sei fær hue. Saa kom 'n hær han Gu'brann Later, aa saa hadde vi naa han te sjaa paa 'o da, aa færtælte, hòssen dæ va' mæ o'. Da tok 'n aa baaraa hòl i enn trepinne aa spikka aa sletta 'n te aa batt ei mégblaase full mæ klister i den eine e'n paa 'o, stakk saa denna sprøyte inn bakante paa gjentongen aa sprøtte klister inn i tarmæn paa 'o; dæ skulle vara fær hart liv.

Han Ola her va' saa plaga mæ magavon't, va' utoli' fær maten, aa magan 'jore sei har oppunner bringa. Han fekk den raa'a a 'n Gu'brann, at 'n skulla bruke aloé, ta ett stykkjy stort som ei ert i venna aa eta i sei.

Enngòng, 'n kom hær, hadde je' tanneværken saa fælt, aarelatt 'n mei paa tommen, aa je' vart naa bra i'jen paa timen.

Her øst paa skaugen var dæ ei kjæring, som hadde li' te sengs i mange aar. Saa fekk døm tak i 'n Gu'brann, aa han sa, 'o maatte bli fremmele', skulde ho bli bra. Han skaffa 'o jamvæl noko melesin, som

skulle hjølpe te ataatmæ, naar man'n gjore sitt. Aa onge fekk 'o, aa bra vart 'o — aa lever den dag idag.

Eivind Bròta og Kristen Laagstykke.

(Fraa Lyngdal.)

Eivind var komin fraa Hallingdal og var kjempekar. Eingong paa eit handelsmøte der i Bròta vart 'n full og tok til brette seg. So var der ein fraa Ørstein au, som var kræv kar, og honom skulde han ha tak i. Han gjekk etter 'n og skumpa 'n med ymsne knei i foi.

„Her ska' du finne makje te krøppen din, her, Ørsteinguten!" sa'n.

Men „Ørsteinguten" torde kje vaage seg, for Eivind var god kar. Daa dansa han paa golve og kipa seg og kasta ymsne av beini upp i nakken so tidt, at ingin hadde set paa makin.

So var det ein skomakar der au, som han ikkje hadde fengi til gjort sko for seg, og no tok 'n til elka paa honom.

„So ska' du „te Molia", so ska' du „te Mærkeru"; men no ska' du farin breste-me' faa!" sa han og hermde og laga seg.

Skomakaren drog seg etter veggen og smaatt ut og heimatt, vilde ikkje ha noko med 'n.

Eingong kom 'n Torgeir Tuko der til Bròta. So spurde Eivind honom, um 'n vilde, han skulde vis 'n fem steikte grisungar. Jau, han hadde daa hug til sjaa dei, veit du. So skulde Torgeir gange ut daa, og Eivind tok og hita panneskafte, so det var mest raudt, og so ropa 'n hin innatt og sa 'n fyre, at 'n skulde taka med heile handi kring panneskafte og klemme

godt til. Torgeir so gjorde, og brende seg forderva, kann du vita.

„Ja, èra dei kje steikte no, so fær me gjera det umatt!“ sa 'n Eivind daa og lo so godt.

Men han var snild med. Dusta med smaagutane, naar det kom nokon, stod paa kne og tokst med dei. So la dei 'n no nedpaa daa, veit du. Og sumtid tok no han dei.

„No ska' du farin breste-me' te!“ sa han daa og morska seg fælt.

Han dreiv med aadrlating baade paa folk og dyr, han Eivind au.

„Han va' òfte her,“ fortel ho gamle Anne Molia. „Je' veit, dæ va' enngong, je' hadde tannværken saa fælt; je' trøtna opp i tongerøtte og ne'imøllom hæls'n, saa je' fekk kje anten svælla 'ell svælje. Da aa'relatte 'n mei unner tonga, aa da va' tanneværken borte fem-seks aar.“

Eingong vart 'n gamle Ola Molia liggjande i lunge-betænnels. Daa henta dei 'n Eivind til aadrlata 'n. Han pikka hol paa livaadri ved halsen, og den fæle sprengen gav seg med same, og det var kje so lengi, fyrr 'n var uppe att.

Og so var det no fleire vendur, han aadrlatte 'n Ola for ryggjevondt. Daa hoggi han hol paa ei aadr paa foten attenfyre òkle, og det totte alltid muna.

Elles dreiv 'n Eivind med hestehandel og smiding og noko av kvart. Men han var kje plent mot kjer-ringi si, vart det sagt. I Laagstykke budde det au ein halling daa; han heitte Kristen og var aadrlatar og dyrlækjar liksom Eivind. Han fortalde, koss 'n hadde koppa presten der burti Hallingdal ein gong.

„E køppa 'o før fem daler mæ ein gong!“ hermer dei etter 'n.

„Du ha mykkjy uvine-blo i de', du! 'N skulde vøri pønta um skrøtten din,“ sa han, naar det var ein, han skulde aadrlata.

Kjerringi hans heitte Birgit. Henne var det, Eivind Bròta heldt seg med.

„Ha du vøre borti detta Tipikkhøle att no?“ sa kjerringi hans, naar 'n kom ifraa Laagstykke; ho heitte Birgit, ho au.

Son til Kristen, ein som heitte Øystein, vart gift med Ingebjørg Ose, komin fraa Aasleggen, ho som var slik ein augedokter.

Trolldom.

Trollkjerringane i Lyngdals-kyrkja.

(Fraa Flesberg.)

Gamle Ketil Øvre Teigen og Gunleik bror hans og ein til var i Lyngdals-kyrkja jonsokkvelden og saag paa trollkjerringane. Karane laag uppaa himlingi og lura. Gjenom holi for klokkestrengine saag dei væl nedi kyrkja.

Klokka tolv kom trollkjerringane. Mange av dei livde, og mange var døde. Ved altare stod presten og tok imot offeri. Alle var framme og ytte sitt. Daa dei kom attende, tottest dei naa heilt upp under take.

Gunleik laag og heldt i klokkesnori, og best det var, der drog 'n i ho. Daa vart det burte alt saman.

Trollkjerringane i Flesberg-kyrkja.

(Fraa Flesberg.)

Gunleik Ne're-Førle og gamle „Pos" var i Flesberg-kyrkja jonsoknatti. Daa møttest trollkjerringane der og ofra paa altare, slik som det elles til vanleg bli gjort i kyrkja.

Gunleik-ane hadde stelt seg med ei jordtorve paa hovude. Jordi hadde dei teki paa nordsida av ein stein

paa kyrkjegarden. Dei saag baade livande og døde var fram og ofra; men trollkjerringane saag kje dei, for dei stod med denna jordtorva paa skallen.

Daa det leid paa, vart 'n Gunleik hell uroleg i seg av dette, han saag, og so hugsa han seg kje, anna han leda paa seg, so torva datt ned av skallen paa 'n, og alle trollkjerringane saag 'n. Daa gjekk det endaa hardare innpaa 'n; men so fekk „Pos“ stiltra seg burtaat og draga i klokkesnori, og daa vart det burte alt saman.

Etter dette vart 'n Gunleik galin, og var det all sin dag etterpaa. Dei kalla 'n endaa *Gælne-Gullek*.

Trollkjerringane i Uppdals-kyrkja.
(Fraa Uppdal.)

Jolekvelden skal ein gange til kyrkja og setja seg der, so fær ein sjaa alle trollkjerringane. Han Lars Harang og ein til reiste til gamlekyrkja ein jolekveld. Klokka tolv kom trollkjerringane.

„Jamen æ 'o mor her mæ!“ sa han Lars.

Han visste ikkje, at mor hans var trollkjerring, ser du.

Han Lars Torskjemogen.[1]
(Fraa Svene.)

Han hadde fengi svartekonstboki paa den maaten, at han hadde lova Gaml-Eirik, at det var ei viss stelle, han aldri skulde gange. Og han hadde haldi seg au og ikkje vori der paa attan aar. Men ein gong so hugsa han seg kje og gjekk dit, og ikkje fyrr 'n var komin innum dynni, fyrr 'n vart kasta utatt og høgt tilvérs. Daa han kom nedpaa att, var han mest samlingslaus og so klen, at det det var fælt. So gjekk 'n til gamle Marit Torskje og fekk aadrlatt seg.

[1] Sjaa Tov Flatin: Gamalt fraa Numedal I, s. 53.

„Haa har du gjort dei naa da?“ sa ho.

„Aa je' kom te aa gaa ett steg færlangt, aa saa tok 'n aa hævde mei attende,“ svara han.

Trollkatten.

(Fraa Uppdal.)

Trollkatten saag ut som eit graatt nyste. Dei kvite klysune i grase um sumaren er trollkattspyt, segjer dei. Han heldt seg, der det var trollkjerringar; det var katten deira. Dei kjæla med 'n og dyrka 'n og heldt 'n med mat — slo saup eller mjølk burti ein haug eller ved ein stein og henta i 'n anna med. Men so hjelpte no han dei att daa, veit du.

Ho Kari Spikulerhagen var komi fraa Dyrrgryt og var trollkjerring. Det laag vel i ætti det. Med ho var liti og var heime i Dyrrgrytt, var ho med mor si i fjøse ein jolekveld. Daa saag ho trollkatten uppi saugarden; han rulla seg etter tallen.

Ho Guri Teigen med var trollkjerring og hadde svartekonstboki. Ein gong hadde ho gløymt att boki ute og ei gjente hadde fengi tak i 'o og byrja lesi. Daa kom ho ut mest ifraa seg ho Guri, for det var so faarleg lesa i den boki for dei, som ikkje kunde, og dei, som aatt 'o, kjende paa seg, naar ho kom i hendane paa andre. Der i Teigen heldt trollkatten seg. Eingong saag dei, han rulla seg etter vatsrenna.

Ho Gunnhild Karlsrud.

(Fraa Uppdal.)

Ho Gunnhild Karlsrud var trollkjerring. Ho og ho Gro Olsdotter Bjørnsrud var saman paa sætri; dei var endaa paa Heggeset. Ein dag kom ei av kyrne

aat ho Gro heimatt paa sætri og var heiltupp fraa seg, bóra og bar seg og grov med føtane.

„Men hø æ dæ før noko væsen att no!“ sa ho Gro, og so tok ho og mjølka kyri, og daa var det blodblanda.

„Nei huttetu hø fælt detta va! Men e' ska gjera dæ gøtt att, e',“ sa ho Karlrud'a, ho var tilstadar ho med.

„Ja kann du gjera dæ gøtt att, so ha du vel gjort dæ vont mæ daa. Du gjere dæ ra't mæ, ellø so ska e' ta o banke de!“ sa ho Gro.

Daa gjorde ho kyri god att.

Ho Margit Torgjerdshuse gjætte i Guton. Ein dag kom ho Gunnhild Karlsrud nordaat garden og stod saag paa ei stor, gild kyr.

„Nei, so ven kjyr! Hø 'eitte 'o da kjyre?“ sa ho.

„Nybaan“, sa Margit.

Men daa ho kom nedatt med kyrne til mjeltans, mjølka denna kyri meir blod enn mjølk.

Trollkjerringane maatte vita namni paa kyrne, skulde dei faa kaste vondt paa dei.

Kari Spikulerhagen og Gro Grotgjorden.
(Fraa Uppdal.)

Dei var trollkjerringar baae tvo. Eingong, dei stod og tala med einannan, veit ikkje ho Kari av, fyrr kyri hennar rullar — ho gjekk og aat innmed der, og Gro hadde trolla paa 'o.

„Aa nei!“ sa 'o Gro; „me maagaa daa hjølpe kjyre“.

„La 'o liggje, du!“ svara Kari.

Det var kje lenge, fyrr ho fekk kyri paa føtane att.

I Spikulerhagen var det kje gjerde jamsides storvegen, og naar det kom fedriftir, so ropa fekarane til ho Kari, at ho maatte passe buskapen sin.

„Aa, dæ æ kje fa'le' mæ dæ," svara ho.

Krøteri hennar kom kje nedum, og dei andre kom kje ovum.

Troll-posar.

(Fraa Uppdal.)

Ola Torleivson Torverud gjætte for tvo trollkjerringar, som var paa kvar si sæter. So sa ho det til 'n den eine av dei ein dag, at han skulde gange med ein pose burti fjøse til den andre kjerringi og legg 'n i den største baasen; men han maatte ikkje sjaa nedi 'n. Nei. Men daa guten var komin eit stykke paa veg, opna han sekken likevel han; det var ni slag i 'n.

Daa ho mjølka, ho som hadde gjort guten avgarde med posen, saag ho, det var kje meir mjølk i kyrne.

„Du, ha nøkk sett i pøsin, du!" sa ho; „men e' tenkje e' ska kaamaa avgaare sjøl."

So laga ho te ein ny pose og reiste med. Og daa kann det hende, det mjølka for henne; men den beste aat den andre mjølka blodblanda.

„Aa, no ha detta styggetrølle være her! Men ho ska faa dæ att," sa ho, daa ho saag detta.

Og det fekk ho med — best det var, so mjølka det blodblanda for henne med. Men dei maatte slutte med denne trollskapen sin, dei hadde ikkje nytte av krøteri sine nokon av dei.

Eirik Mykkestø hadde ein hest, som vart so harkin, og stygg og mager. So kom det ein mann tilgards og saag denna hesten og høyrde, koss det var med 'n — og han sa, dei skulde leite inn i rova paa 'n — han hadde so gild ei rove. Dei so gjorde, og der fann dei ein pose med ni slag i. Daa hesten vart kvitt den, vart 'n god att. Dei trudde, det var Guri Teigen, som hadde vori ute med spikki sine.

Kronseta.

(Fraa Svene.)

Det var ei gamall kjerring i Kronset, som kunde noko av kvart. I Stemningsplassen hadde dei slik ei umfram ung og fin kyr, og den hadde Kronseta slik òvund paa. Ein dag saag Stemningplass-mannen, at ho krok nedigjenom skogen til kyri. Og daa kyri kom heim um kvelden, var ho heiltupp modlaus, slevune rann som taumar or kjeften paa ho, og so mjølka ho blod. Kjerringi der i Stemningsplassen hadde tent hjaa ein trollmann paa Møllom-Stemning, og so gjekk ho til honom og bad 'n hjelpe. Jau daa, det skulde bli raad med det. Men det var, um ho vilde, han skulde sende styggedomen heimatt, eller kvar han skulde gjera av 'n. Kjerringi meinte, det var best, Kronseta fekk det att.

„Jau, kjyra di skæ 'o æller anse meir," sa mannen. Morgonen etter laag kyri til trollkjerringi daud; men i Stemningsplassen hadde dei kyri si, til ho hadde bori 19 kalvar.

Ei trollkjerring og ein fant.

(Fraa Flesberg.)

Det var paa ei stelle det var ei trollkjerring. Paa ein annan gard hadde dei inginting av krøteri sine, for denna trollkjerringi ho trolla mjølki til seg. So kom det ein fant tilgards, og dei fór til bera seg ille ved honom, koss denna trollkjerringi fór aat og fortald'n alt saman.

„Ja, dæ skæ je nok snart grei 'o fær," meinte fanten, og so fylgde dei 'n burt i fjøse. Men same, dei kom i dynni, so stod det ei kyr og skræva og meig. Dermed klemmer han til denna kyri og gjev ho eit

dugeleg slag midt bak; men ho stod som den same, som ho skulde ikkje kjent det eingong.

„Ja, naa skæ dæ snart vise sei, hòkken dæ æ, som har reist mæ mjølka tor kjynnæn dekkas,“ sa han.

I det same hadde kjerringi i grannegarden fengi eit fælt slag i kjeften, so ho saag kje ut likt til folk etterpaa.

Ei trollkjerring, som visste aa faa bra i kinna.

(Fraa Flesberg.)

Det var ei kjerring uti Svene, som kunde lite meir enn andre. Ei av kunstine hennar var, at ho kunde draga til seg rjome. So var det eingong, ho skulde ut aa gaa, so sette ho tenestegjenta si til kinne, med ho var burte.

„Men du maa kje ha meir hell tri skjeiir i kjinna te aa bynne mæ!“ sa ho.

Men gjenta totte, detta vart forlite, og so hadd' 'o i ni skjeidir. Daa kjerringi kom heimatt, var det rjome over heile huse.

„Du har nòk inkje gjort, som je sa dei, du!“ sa ho til tenestgjenta og var fljugande sinna.

„Nei, je totte inkje, dæ va noko kjinne paa dæ; je hadde i ni skjeiir, je,“ sa gjenta.

„Aa, trøste oss!“ sa kjerringi; „da har vi rømmen tor tri præstgjell,“ sa ho.

Tyrihovden og finnekjerringi.

(Fraa Uppdal.)

Fyrr i tidi fór det tidt finnar her, og dei kunde trolle.

Ein, dei kalla Tyrihovden møtte eingong ei finne-

kjerring, og so log 'n aat 'o og heldt leven med 'o. Daa vart ho sinna, treiv ein moll-neve og sputta tri gongir paa og kasta i bringa paa 'n. Han vart galin etterpaa. Men so reiste han til Stein Imingan, og han gjord 'n godatt.

Mannen i ulveham.

(Fraa Uppdal.)

Ei trollkjerring kasta ulveham paa ein mann — sumtid var han menneskje og sumtid ulv. Ein dag sa han, at dei maatte ha inn krøteri, men dei let det vera. Daa vart 'n ulv og flaug ut og beit forderva buskapen. Men so vart han menneskje att, og daa kom han innatt og pirka tennane sine.

Smaastubbar.

(Fraa Uppdal.)

Naar ei kyr mjølkar ureint paa sætri, skal ein taka mjølki og slaa i vegen, der kyrne aat den, som ein trur har trolla, kjem. Daa bli kyri god att, og trollkjerringi fær det att paa sine eigne ky.

*

Naar trollkjerringane reiser heim fraa sætri um hausten, tek dei ein smørbite, ein primbite og ein ostemole og legg under mjølkebudstokken. Daa fær dei mykje mjølk av krøteri aare etter.

*

Fyken kom til Spikulerhagen. Det var um sumaren og folki sat u:e paa tune.

„Visst de vilja, so ska e' syne dikka noko rart," sa han.

„Jau, det vilde dei daa. Daa visste dei kje av,

fyrr det kom ein sverm med flugur so store, dei hadde aldri sett so fælt, og so bad dei 'n taka dei burt att, og det gjord 'n.

*

Ketil Svarthol laante svartekonstboki av *Knut Skogen*. Det var ein, som hadde stoli eit pund smør av 'n. Daa han fekk boki, fann han snart tjuven, og han maatte utatt med smøre.

Ein dag, han nyst hadde lesi i svartekonstboki, var 'n burti skogen. Daa vart han kringsett av ein svart flugusverm, og han vart so rædd, han la seg i gruve til aa syngja paa eit salmevers, han hadde lært av mor si. Daa han saag uppatt, var flugurne burte.

Eit bil etter var han og kjerringi sudpaa øyane. Daa vart 'n Ketil tekin og reist med i vére eit langt stykke burtover øyi. Men daa tord 'n ikkje ha boki lenger, tok ho og gjekk til Skogen med 'o att og takka for laane.

„Jaso, du vil ikkje ha 'o lenger no,“ sa han Knut og slengd 'o inn i skaape.

*

I *Snarheimholte* skal det liggje ei svartekonstbok. Det var visst *Gjeirmund Eirikson*, som hadde gravi ho ned der. Gjeirmundsætri har namn etter dennan trollmannen.

*

Det var eit fyllelag i *Dyrrgryt*. So spurde han *Ola*, mannen paa garden, um dei vilde sjaa fa'n. Ja, dei vilde sjaa 'n, sa dei. Um eit bil kom Gaml-Eirik inn med honn og kløar, og fyllefantane kvakk, so dei vart fastande med ein gong, og la til beda paa Dyrrgryt 'n, at han vilde faa karen ut att. Og det gjorde han.

*

Turi Olsdotter Løvstuen var trollkjerring. Daa ho reiste paa sætri og hadde komi uppaa fjelle, saag ho Ragnhild Løvstuen, at ho kasta tri moldnevar uppi ringja si. Ho trudde vel, hi la kje noko merke til det, for ho gjekk eit stykkje etter.

*

Herleik Kølin gjekk og stakk fingane nedi nauteryune. Han var gift med *Kristi Kølin* og ho var trollkjerring.

*

* *

„Enn maa kje hannfli fraa sei noko te enn trollmann eller ei trollkjæring, fær da faar døm heiltopp magta over enn.“ (Flesberg.)

*

„Dæ æ ni blo-bønnir. Døm, som kann ælle ni' kann magt-stæla folk.“ (Flesberg.)

Sogur um huldr og haugetuss.

Huldri kjem til „Fussin“ paa sætri.
(Fraa Nore.)

Dæ va ein, dei kalla Fussin. E' veit inkje, høss 'n hadde faatt namne, men folk kalla 'n dæ. Han laag paa rjupe-veid o hadde rjupesnuru norover fjelle ve Rykkfoss o i Liarmorkje, o so laag 'n i Lie.

So va dæ ein kvell, han va nettopp innattkommin, hadde nørt paa vermin o sat steikte paa eit kjøtbein paa eit spett. Der visst 'n kje taa, før dæ kom eit kvennfolk inn te 'n. Syntes han, dæ va kjeringje si mæ, han, mæ dæ samre, ordna te ein krakk før 'o framve vermin o ondras paa, aat ho va saa langt nori so seint paa kvell, o høsse 'o konna kaamaa fram i da store snjoen. Ho svaara kje noko, sette se berre paa krakken o drog stakken oppaa kneo o skreva o vermde se. Men daa fekk 'n sjaa rova henna, oso visst 'n, hø dæ va før ei o gjekk paa 'o mæ kjøtbeine. Ho opp o ut fyri 'n gjønom dynne o vart snuft borte. O so høyrd 'n dæ klappa i hendann o lædde sui haugann:

„No fekk 'o Guri Ru
flesk i fu
taa 'n Helgje Fussin!“

Dæ va vel so, han hadde strenda 'o aaver baken mæ beine, o so va dæ vel mykje feitt paa dæ daa ventele.

Daa Argehovden og Breidseten skulde gifte bonn ihop.

(Fraa Nore.)

Argehovd og Breidset er sætrar uppaa fjelle. Paa baae desse sætrane budde det huldr-folk. So hadde Argehovden og Breidseten tala av, at dei skulde gifte bonn ihop. Brudlaupe skulde stande paa Breidset. Der er fire-fem budir og fine vollen, og det samla seg so mykje folk og so mange hestar og var slik stas, at ingin skulde maken ha sett. Og gull og sylv lavde det av baade paa folk og hestar. Fysst so aat dei no og drakk og stelde seg der paa Breidset daa. Og so skulde dei til kyrkja. I sætereiga til Ulbaasen og Sveinsrud er nokre myrar, dei kallar Kjørkjemyrann og der ligg det nokre steinar, dei kallar Kjørkja; dit var det, dei skulde. Fyri reid spilemannen og leika, so det ljoma burtover viddune, og etter kom brur og brudgom og heile fylgje. Som dei hadde daa gjort fraa seg ved kyrkja, so kom dei att, og daa reid dei so fort, at det dundra i bergi. Sea aat dei og drakk, og so tok dei til danse og bera seg, so ein kunde tru, take fór av budi.

Nokre rjupeveidarar hadde gøymt seg i ei av budine og hadde legi set paa heile stasen, Dei hadde byrse med og slepte av eit skot. Daa vart det stilt med ein gong, og burte var alt saman.

Guten, som gifte seg med huldre-gjenta.

(Fraa Uppdal.)

Det var paa ei sæter, huldr-folke alltid kom, naar

bygde-folke flutte heim um hausten. So var det ein gut, som høyrde um detta, men trudde ikkje noko paa det. Ein haust reist 'n uppaa denna sætri, vilde sjaa. Leid i kveldingi, høyrd 'n det kom folk og krøter, og dei kasta klyvjane av. Guten smatt uti mjølkebudi og gøymde seg under mjølkeholken. Daa høyrd 'n, dei kom inn, mjølka og styra seg, og so skulde dei til eta — det var marisupsoll, dei hadde laga til.

„Ha dei skjei alle?" sa kjerringi.

„Nei, dei ha kje alle; dæ fela før den, som sit onde rennemjølk-holken," sa gjenta.

Daa gjekk guten inn, og daa saag 'n, det var mann og kjerring med vaksne bonn. Den gjenta, han hadde høyrt maale paa, var so fin, at han kasta kniven sin over ho og raaka ho i veslefingen, so ho blødde. Men daa var ho ikkje so fin lenger daa, og so fekk 'n sjaa, ho hadde rove. Han lika seg ikkje paa det, men han maatte ha 'o, naar han hadde kasta kniven over 'o.

Dei sette fram for 'n det beste, dei hadde, og kom inn med so mykje gull og sylv, at 'n vart reint forfærd. Mor hennar sa, at um vaaren maatt 'n laga til træur, so vilde ho fylle dei med krøter. So fylgde gjenta 'n heim, og dei vart gifte.

Tidleg um vaaren tok ho til skure paa mannen sin, at han maatte gjerde træune, for mor hennar vilde snart koma med krøteri. Men han drygde og drygde. Daa vart ho sinna, og ein dag kom ho burt i smidjo til 'n — han var smed, ser du — og so tok ho ein glodheit hestsko med berre hendane, retta 'n ut og bøygd 'n ihop att.

„Der ser du, hø e' kona gjera mæ de!" sa ho.

Daa vart 'n rædd og gjerde træune. Mor hennar

fyllde dei med krøter; men ho sa, han maatte ikkje selja dei eller byte dei burt, elles kom 'n kje til ha noko lukke av dei.

Buseruden ser huldri.

(Fraa Lyngdal.)

Torgeir Buserud laag burtpaa Fekjanmorki og brende ei mile. So var det ei natt, han laag der, han hadde lagt dugeleg paa varmen inni køyta, og so halla han seg burtpaa sengi og laag røykte og stirde fram i elden. Daa fekk 'n sjaa ei fin gjente staa i dynni i ein randute staseleg kjole. So eit kvart upp paa kjolen var det eit fløynsband, som det blenkte og skein so reint vent av. Men so kom 'n til kaste augo av 'o, og daa han saag burtatt i dynni, so var ho burte.

Hallvor Bruinsætra høyrer huldrefolk.

(Fraa Lyngdal.)

Hallvor var burtpaa Gjerdemorki og lunna timmer ein haust. So var det i myrkingi um kvelden, han vilde taka ein stokk, som laag innmed ein bergvegg. Daa fekk 'n høyre, det tok til ruske og flytja paa stolar og sope og skipa burt i huse, og so sa det inni berge:

„Dæ kjæm folk!“ sa det.

Men daa kom nok Hallvor til la stokken liggje til andre dagen.

Huldre-kyr.

(Fraa Uppdal.)

Lars Persgard drog paa ei dragkjerre frametter storvegen, og dotter hans, ho Astrid, sat uppi; ho

kunde vel vera so kring 11 aar daa. Daa dei hadde komi til Røvshole, fekk gjenta høyre slik ven bjøllelaat, at ho aldri hadde høyrt maken.

„Men hø æ detta før bjølleskrammel? Dæ kjem visst ei kyr," sa ho.

„E høyre ingen ting, e," sa far hennar.

„Jere du kje dæ! Men e høyre, e, o no ser e 'o mæ," sa ho.

„Dæ æ ei onderjordisk kjyr; men e ser 'o inkje, e har inkje magt te dæ," sa han.

Daa saag ho ei fin, stor, raudbrandute honnkyr koma springande ovantil haugen. Ho var, som ho skulde vera gullforgylld og med fine massingkaatur paa. Bjølleklaven med skein det av lang veg, hadde ein kruse uppaa og blekkje etter heile og med ei fin massingbjølle i. Kyri kom farande so fort, kasta seg over garden og sprang nedi ei dokk lite sunnanfyre dei og vart burte.

„Nei, hadde me aatt da kjyre! Dæ skulde vøre rart før kann, som ingen har," sa veslegjenta.

„Jaha, hadde e set 'o o vøre kar te o kasta staal over 'o, so hadde me aatt 'o," sa far hennar.

Lars Persgard ser ein haugetusse.

(Fraa Uppdal.)

Lars kom eingong nordantil fjelle og skulde liggje paa ei sæter, som heiter Breidbud, um natti. Det var høy i vaktabudi, so han maatte krabbe inn i gluggen. Daa 'n var komin inn i sengi, fekk 'n sjaa ein mann sat paa budkrakken og lo, so skjegge riste. Han hadde raud pikkeluve, raud vest, kvit kort-trøye og og kvit knebukse med sauma rosur paa knei, og so

hadde han kvitt skjegg, som naadde langt nedpaa bringa paa 'n. Lars vart rædd og svinta seg u!att. Leid paa ei stund saag han innatt; men mannen sat der og lo like gale daa med. So drygde han eit bil og so stird 'n inn i gluggen. Daa var karen burte, man Lars torde no kje liggje der um natti.

Smaastubbar um haugetussen.

(Fraa Uppdal.)

Ein mann ifraa Løvstuen møtte ein haugetusse uppaa Flotte austanfyre Breidstein. Haugetussen leidde paa ei stor, kvit gjeit. So spurde mannen, kvar han var ifraa.

„Kjenne du me inkje? sa haugetussen.

„Nei, dæ gjere e inkje,“ sa mannen.

„E æ grannin din, e; e bur i Pikkhaug o støla paa Kaataasen,“ svara hin.

Dei laut leggje ned Kaataasen, for haugetussane var so grove. Ola Ivarson Bjønnsrud rudd 'n uppatt for vælso 60 aar sea.

*

Ho Bergit Olsdotter Bergseid var aaleine paa Bergestølen i Nore ein sumar, med ho var so ei framslengje. Med ho var burti skogen med krøteri ein dag, fekk ho sjaa ein haugetusse stod paa ein kvistehaug. Han var graaklædd og stod svinga paa seg og spila paa ei fløyte. Men so vart 'n burte.

Same dagen saag ho ei stor brandute kyr; men den med vart burte. Ho torde kje anna ho la seg i fjøse, og der laag ho heldt ei kyr i klaven heile natti.

*

Han Tov Karlsrud saag eingong ei ku uppi eit berg. Det var ei stor, brandute ei og so fin, at det skein av ho. Leid paa ei stund, kvarv ho burt.

Ein gong sea saag Tov ei fin klokke, som hekk uppi eit berg; men det var ikkje lengi, fyrr ho kvarv den heller.

*

Ho Gro Fønnebø dyrka haugetussen. Ho sette mat ved ein stor stein, og naar ho kom att, var 'n burte. Det kann vera 200 aar sea.

*

Det var ei sætergjente, som aldri kom seg upp um morgonen. Ein morgon kom ein haugetusse og vekte ho, og so sa 'n det:

„Upp du lortesu,
vakta dine ku!
Sole æ kome i alle fjell,
o enno søve du!"

Baanevers.

I.

Soro liten Ola-gut,
seint om kvæl'n, tile om maaraan ut!
Sill aa villing æ hass kaast;
staa paa tør'je æ hass paast.

(Flesberg.)

II.

So ro lite ting,
rettnaa kjem 'n papa inn
mæ sol aa mæ maane
te dæ vesle baane.

(Flesberg.)

III.

Naa skæ vi høyre hòss 'n røyse-katta sier,
vesle baane mitt, saa veit je, du ti'er:
„Katten æ mitt syskjinbaan,
han har goe dage;
han faar søt mjølk i koppen sin,
men je maa staa tebage.“

(Flesberg.)

IV.

Byssan sull,
sòvan lull,
gu' je hadde stugu full
uta slike smaaguttær,
lyunn aa laaven,
basstaua aa kaavaann,
og enda enn kòst i svala,
da skull du høre, dæ kom te aa smala!
Byssan sull,
sòvan lull,
katta dreit enn paasaa full,
full, full a skjinnarull
fær dæ vesle baane.

(Flesberg.)

V.

Katta ligg unner ømmen sjuk,
'o har saa vont uti aua;
'o har saa vont uti ræva si,
je meiner snart 'o dauær.

(Lyngdal.)

VI.

Dæ tuta ein tut ifraa høgda,
dæ kjem vel enn gut ifraa bygda;
kjem 'n kje i kvell,
saa kjem 'n vel lell;
aa har 'n kje svipu, saa har 'n vel kvist,
saa rir 'n vel like visst.

(Lyngdal.)

VII.

Bi, bi baane,
gryta heng i jarne;
kok enn liten rømmegraut
fær dette vesle baane.

(Flesberg.)

VIII.

Till, till Tove
toll mann i skogje;
toll mann ære de,
toll svær bære de;
gjæslebaane dengjer de,
bu-hunden hengjer de;
bjøllekua binne de,
storestuten stinge de;
me' vil de volltaka
langt oppaa fjelle
i skogje!

„Saa fekk 'o lòv te gaa, gjenta, aa saa rest 'o heimatt aa sa, hòss røvarænn fór aat. Ho hadde mæ sei noko røtt ty aa reiv aav enn beta hær aa enn dær aa slepte ne, saa døm skulle sjaa veigen. Da re'ste dæ folk avgaare aa fant røvarænn aa jaga døm utòver fjelle, saa døm slo sei ihæl alle samma.“ (Lyngdal.)

Slaatterim, stev og stubbar.

I.

„Gaa te Bjøllartjønn
o hente bukkehønn
før gamle Fønnebø'n,“
sa dei. Fønnebø'n va laus av se.

(Uppdal.)

II.

Aatte pøtta mæ frøse kønn
o potetslagje i tutarhønn.

(Uppdal.)

III

Dæ fær so vera, dæ fær so bli,
men Tobaks-Turi æ gjenta mi.

(Uppdal.)

IV.

Nils To'sru o Tolis Gutugjore,
Tonni Svinthaug o Ola Leirbakkjin.

(Uppdal.)

V.

Hugaros o Haugerei,
Lettfók o Lauverei.

Vingebot o Vibot,
Husperei o Fribot,
Sòllføk o Julabot,
syla mi Skartrei!
(Huldrelokk fraa Uppdal.)

VI.

Huldra vil byte te sei ei kjyr a ei høling-gjente:
„Butte, butte, bu,
femm gjeitær fær ei brannute ku!“
sir 'o. (Lyngdal.)

VII.

Han Per Lien fraa Tonhovd laag burti Sæterdalen og stal. Han grov eit hol i jordi og budde der; slike hol kalla dei „Kjuvekjellara“. Han hadde ei sleiv med eit langt skaft, og med den tok 'n rjome gjenom mjølkebud-gluggen. Naar det vart stoli noko, so vart Per skulda for det:

„Han Per i Lien har von't før svalle,
o derfør fær 'n no li' fær alle,“
sa dei. Per stamma. (Uppdal.)

VIII.

Hølgje Løyngard hadde det orde, han stal. Daa vart det dikta dette um 'n:

„Dæ kom to saui' i eit følgje,
der kom 'n ette han Tjuve-Hølgje.
Den graae søya 'o gjekk o blæra:
„O kjære Hølgje lat me' faa vera!“
Den graae bekarn han svaaraa te:
„Dæ kvitta eitt hø dæ bli taa me!“
(Uppdal.)

IX.

„Vont æ dæ i fjelle vera,
snoren driv omkring;
mykkjy bære æ dæ heime vera
eta lefse-kling. (Uppdal.)

X.

Allemanns-visa fraa Flesberg

var paa fælt mange vers, eitt eller fleire mest um alle folk i bygdi. Ein kunde vel næraste kalle det slengjestev. For 30 aar sea og lenger attende var det mykje vise-kveding og stevjing i bygdi. Naar ungdom, og eldre folk au, kom saman til leik og moro, var det alltid song med i lage. Og det slong baade ein og hin, som rakla og rima au i den tidi. Det var ei ære aa kunna mange visur og vera gild til syngje. No er det longe sea slutt med folkesongen. Allemanns-visa er au gløymd, berre eit og anna verse sleng att. Her er nokre:

1. Mit bortpaa Tørje dær bur dæ enn mann,
aa *Ola Møllom-Gaalaas* dæ kællær døm han;
han har daattra ei,
ho har rikdom fær sei;
men bli 'o naa vaksin, bli 'o vannin aa lei.

2. Han *Hans* dær paa *Bekkjonn* æ enn vælagta mann,
men ingen brukær økseskafte jamnære hell han,
fær kjæringa gaar blaa-slin, aa ongænn vettaskræmt,
aa drengen omkring garænn fær aa gjøra dæ bekjænt.

3. Køllutte *Kølte* i maaneskjin
ville fær *Ellhus'n* læsa;
men Ellhus'n blei da saa fløgende vill
aa slo te 'o Kølte paa næsa.

4. *Lyngdælsgjentunn* om juledagen
døm gret aa glante paa *Levor-graven*;
aa *Flesberggjentunn* døm fekk da sjaa,
atte Lyngdælsgjentunn døm sørde saa.

5. I *Rinnomplassen* dæ bur ei enke,
ho vil saa gjenne ælle benke;
ho lægg sei unner baade gutt aa mann
aa dalværingær saa tykt som sann.

6. Je saag ei gjente gjekk opover bakken
stiv i ryggen aa kjeik i nakken;
dæ va langt bære, 'o lutte ne',
hell folk sku ha 'o te spòtt og spe.

7. Dær bur ei gjente hær oppmæ bakken
mæ blaa hosur, rau kant paa stakken;
kjem dæ guttær, saa flyg 'o ratt,
men kjem dæ mænnær, saa ligg 'o flat.

8. Nor aa sø over dessen garænn,
aa huttetu hòss døm mei baktalær
Men hòss døm slædrær aa lyg paa mei
saa trur je snøtt, døm faar gjifta sei.

9. Den vesle gjenta mæ dæ gule haare
ho sto i bu-svala som ei jaale;
ho sae: „Guttær kom de hærinn,
ske de faa ligge paa ærmen min.

10. Dæ bur ei gjente hær oppaa garen,
ho ser saa jamt ne te denne karen;
du kann tru, 'o fifær aa feiær sei —
ho tènkjer vel som saa ve sei:
han kjem vel snart aa vil fri til mei.

11. Visediktær dæ skæ du 'eite,
i 'verr manns dr .... skæ du faa sleike;
i 'verr manns dr .... skæ du ha rett,
fær du har dikta saa vist aa gre'tt.

12. Vil du veta, haakke visa har dikta,
saa gaa til *Trøllsaas*, dær ligg naa lista;
ja dær ligg lista paa hundr-aa-seks
— aa 'n *Herbrann Trøllsaas* har dikta mest.

Leikir.

Laane salt.

Dei leikande stend i ein ring og held einannan i hendane. So gjeng det ein rundt utanum ringen med ein sko, som 'n skal prøve aa faa sett ned attanfyre ein av dei, som er med i ringen, og so segjer han:

„Je gaar laaner sælt,
je svir aa je svælt,
je faar kje no sælt."

Bli daa kje skoen gaatt av honom, som 'n var sett bak, fyrr laanaren har fari rundt og kjem tek 'n att, skal den gaalause ha eit slag i panna av skoen; men gaar 'n honom fyrr, skal *han* vera laanar. (Fraa Flesberg.)

Gøyme steinen.

Dei sit i ei rad. So gjeng *ein* med ein litin stein og skal gøyme, og *ein* stend burti ei ro og snur ifraa, so han ikkje skal sjaa, kven steinen bli gøymd hjaa. Gøymaren gjeng rundt til alle, pirkar inni handi paa dei, og ved kvar ein so segjer han:

„Gjømm stei'n, gjømm stei'n, gjømm 'n rettele' væl!
Gjømm stei'n, gjømm stei'n, gjømm 'n rettele' væl!

Naar gøymaren har fari rundt til alle, so skal leitaren fram og finna steinen, med alle dei leikande held hendane ihop og slær dei over knee. Han skal daa

peike paa ein, som 'n trur hev 'n. Raakar 'n det ikkje, bli steinen gøymd paa nytt, og han skal freiste tvo gongir til. Finn 'n han kje tridje venda, skal han, som steinen var gøymd hjaa sist, vera leitar og den fyrre leitaren gøymar. Likeins er det, um leitaren finn steinen. (Fraa Lyngdal.)

Revaleiken.

Reven sit midt paa golve og bryner paa tvo pinnar. Dei andre er gjeitar og gjeng etter einannan i ein ring og syng:

„Snu mi rompe tri gange omkring,
mæ reven sitter aa driter“.

So steller dei seg etter einannan i ei rad, og dei fremste spyrr reven:

„Haa æ dæ, du sitt aa bryner paa dær?“
„Paa naalin' menne!“ svara han.
„Haa vil du mæ døm?“
„Stikk' ut augu i gjeitæn denne!“
„Haa von't ha døm gjort dei?“
„Ete opp aaker aa eng!“
„Haaffer har du 'kje gjært?“
„Je har gjært mæ stòkk aa stein aa harabein,
saa høgt, at fuglen æ kje go fær flyge,
aa saa tett, at musa æ kje go fær smyge!“
„Du har gjært som enn fantekæll i òskehaugen!“
„Dæ laug du!“ segjer reven og vil ta ein av gjeitane.

So set den fremste fram det høgre beine til reven og segjer:

„Vil du ha dæ?“
„Nei!“ segjer han.

So set 'n fram det vinstre:

„Vil du ha dæ?"

„Nei!"

Soleis held dei paa alle saman, og reven svarar *nei*, til den siste har sett fram vinstre foten, daa svarar 'n *ja* og sprett upp og skal taka den attarste i radi. Dei andre triv einannan kring live og skal passe 'n, so reven fær kje teki 'n, og det vert ein fæl strid. Fær daa reven teki den siste i radi, skal den vera rev. (Fraa Lyngdal.)

Lakke rev.

Reven sit midt paa golve og gnur seg paa snuten. Revamori gjeng fyre med alle ungane etter seg rundt i ring. Og so syng ho:

„So snur je mi rompe tri gongær omkring,
mæ reven han sitter aa driter".

So gjeng revamor burt til reven:

„Haa æ dæ du sitt der aa gjør?" spyr ho.

„Bryner opp naalin' menne!" svarar han.

„Haa vil du mæ døm?"

„Stikke augu tor gjeitæn denne!"

„Haa von't har døm gjort?"

„Ete opp aaker aa eng fær mei!"

„Haaffær gjærte du inkje, aa lét att alle lé aa grinnær mæ du gjikk aa mjølka?"

„Je gjærte mæ stòkk aa stein aa harabein aa lét att alle grinnær, saa nere som dæ øvste trine — dæ tok je mæ heim te aa steike ræva mi paa!"

„Du hart gjært som enn fantekæll i òskehaugen!"

Daa bli reven vond og vil taka ungane og dei heldt seg i ryggen paa mor si og i einannan, so det bli eit langt reip, og ho svingar att og fram og hit og dit og

skal passe dei. Og slik held dei paa til reven fær teki alle saman. (Fraa Flesberg.)

Timian og Stuten.

Til denne leiken maa det vera ti. *Ein* stend midt i ringen, dei andre gjeng sagte rundt. Han, som stend inni ringen, peikar paa kvar etter som dei fér framum og set namn paa dei soleis :

„Timian aa Stuten,
Bøiill aa Snuten,
Brækebøvel aa Bøvel sjøl,
Kastekjepp aa Kjæringrull
aa Over uss alle!“

Naar han har set namn paa alle, so skal dei stanse, og so spyrr han dei, den eine etter den andre, kva dei heiter, og dei maa daa segja det namne, dei har fengi. Aa bli „Kjæringrull“ var skam, aa bli „Over uss alle“ var gildaste, og han skulde setja namn paa dei næste vende. (Fraa Flesberg.)

Ana drana.

Dei legg hendane rundt kanten paa ei luve med fingrane inn i luva, so mange som fær rom, og ein stend peikar rundt paa fingrane (ein fing paa kvart ord) og segjer dette verse:

„Ana, drana, drina, dreks,
kontra fire, fem aa seks,
kòngens søn i vær aa vinn
jagar baa'smann ut aa inn,
ting, tang, kaapaarkjèl,
bron stut,
knepp ut!“

Den fingen, som „ut“ raakar paa, skal dei bøygje inn i handi og gøyme, og den gjeng daa ut av leiken. Soleis skal dei halde paa til det er att berre *ein* fing. (Lyngdal.)

Træ naali.

Ein skal sitja paa ei flaske og træ' ei naal. Men ein sit ustødt — og faa greider det. (Lyngdal.)

Telja stjernur.

Ein har vatn i eit fat, og so drøyper han nokre feittdrop av eit ljos nedi. Dei andre steller seg paa kne rundt og skal telja stjernune. Daa slær han, som styrer leiken, med flate handi i vatne, so spruten stend uppi andlite paa dei, som stend ikring. (Lyngdal.)

Dei raude sauine.

Ein spyrr baane, um det vil sjaa dei „raue sauine“. Naar daa det svarar *ja,* so tek ein aa lyfter det upp etter øyro. Skrik det *nei,* so slepper ein det nedatt. (Lyngdal.)

Utteljing.

Elle melle
dei fortælle
rygg i rann
to i spann,
skjippe gaar
uti haar.
Snip snapp snute,
ute.

Musikk.

Luren

va mykkjy bruka i gamall ti. Ja, dæ æ kje so fælt lengje sea, dei slutta mæ'n, trædve aar 'ell noko. Men før va'n allmindele'. Dei stelde se te uppaa nattann o bles, so dæ høyrdest over heile daln. Hjuringann i Døgaali'n o Skurdal'n lét te 'inan' o svaaraa 'inan' paa luren.

Men no i den seinare tie tykkje kje hjuringann, aat dei vil draagaa mæ se luren. (Uppdal[1].)

Hønn.

So hadde dei hønn, mæ, dei lét paa. Men dæ skulde meir tame te laate paa dæ 'ell paa luren, o dei slutta førr mæ dæ. Men e' kann no hugse, aat dæ va ibruk taa hjuringann. (Uppdal[1].)

Langeleiken.

Knut Sønsterud, farbror til Bjønn Hytta, skal vera den siste folk no veit um, som spila paa langeleik. (Nore[2].)

Dæ sto ein langeleik heime hjaa far o mor paa

---

[1] Fortalt av lærar og ordførar *Hans Staaland*, f. 12/5 1834, d. 7/1 1915.

[2] Fortalt av *Bjønn Hytta*.

Stølo; men dæ va ingen, som konna bruk 'n, han sto der berre som eit minne. O so tok e o gjorn om te ein samolikon; men dæ ira e paa sea — han konn ha stae. (Uppdal[1].)

Slaattar.

Ein mann var paa ei sæter heiter Naattsæt og gjærde ein vaar. Han vakna tidleg ein morgon, og daa fekk 'n sjaa ein litin graaklædd mann med raud pikkeluve sat paa sellarpinnin[2] og spila paa fela. Mannen lærde slaatten, som vart kalla *Naattset-slaatteu.*

„Grekvarsgossan, Grekvarsgossan!
Dæ dondra o lét i Tovisbergo, i Tovisbergo;
dæ svaaraa ein mann paa Naattsæt-myrann, paa Naattsæt-myrann,“

sa dei. Det var ein halling, og det var mange, som spila 'n fyrr i tidi. (Uppdal.)

*

Det var ein spilemann ifraa Krødsherad, heitte Langebakken. Eingong spila 'n ved Raudmyrane. Daa kom det eit villt uver paa dei, so dei maatte reise heimatt. Langebakken var full og fraus ihel paa vegen. Dei høyrde, det spila i lang tid etter, der han laag, daa 'n fraus ihel. Slaatten, han spela, kallast *Langebakken*, etter meisteren. (Uppdal.)

[1] Fortalt av lærar og ordførar *Hans Staaland.*
[2] Pinnen dei hengde sellære — mjølkesilen — paa.

Handelskarar.

I fysstningi av fyrre aarhundra ser det kje ut til, det var kje vandt um handelskarar her i dalen. Det er, so det krur av dei, fortel ein sogeskrivar fraa den tidi[1]. Dei kjøper upp smør og ost, som er sanka paa sætrane, og fér til Kongsberg og Dramn med det fysststundes paa vinterføre og sel det der. Og snaudt i nokor onnor bygd i heile lande vart det drivi so med hestehandel som her i Numedal, fortel han. Dei kjøpte tvo- og triaarings folar i Bergens stift og Stavanger amt, fødde paa dei eitt og tvo aar og so selde dei att. Ja, dei var so uppgjorde i denna handelen, at dei vanstyrde gardane sine for det same. Dette gjeld daa mest dei øvre bygdir, serleg Uppdal.

Forfér ein skattelistune fraa seinste halvdeil av 1700-tale, finn ein fotslagi etter handelskarane der med. Til lenger ein kjem upp i dalen, til fleire er det av deim, som bitalar skatt, fordi dei handla med hestar og slagtefe.

Og denne handelshugen den hell dreg paa frametter. Kjem ein uti 30-40-aari i fyrre hundreaar, er det ikkje berre hestar, numedølane kjøper upp i Vestlands-bygdine, men kyr og sauir og gjeitar med. So

---

[1] Jens Kraft: Beskr. over konger. Norge II.

leigde dei seg hamn paa Hardingvidda for driftine sine og laag der og gjætte dei um sumaren. Og det var kje godt avgjera, kven gjorde seg mest tilgode av dei feite fjellbeiti og all den gode maten og velsigna lufti der uppaa Vidda anten gjætarane eller dyri deira. Vissa var daa, at dei feitna so dessa vikune paa fjelle, at dei var mest ikkje attkjennande nokon av dei, naar hausten kom.

Leid utimot krossmess, tok dei til aka seg til bygdar. Men dei la rekstine etter høgfjelle, lengst det gjekk an. Gavlen heiter ein fjellrygg paa høgdi millom Tinn og Uppdal. Paa austsida av denna ryggen ligg det ei sæter heiter Sandbue. Her var stor krøtermarknad kvar haust. Her møtte tinndølar og uppdølingar og bytte og kjøpte fe og hestar av driftekarane, naar dei kom med driftine sine. Og her sette ungdom fraa baae sidur av fjelle stemne. Fysst i Vegglid kom dei til bygdar med driftine sine og heldt daa vegen etter dalen til Kongsberg, og stundom reiste dei lenger.

Sea la desse fekarane handelsvegine sine mykje over Telemarki. Gamle lærar Staaland i Uppdal fortalde meg denne sogo:

„Tøstein Grønneflaataa reiste paa Raulanns-straande o kjøpte fe. So kom 'n paa ein gar aa fór te bjoe paa et kjyr; men daa 'n væl fekk tenkt se om, so tott 'n, 'n hadde bøe førmykjy o vilde gjønne slepp' ifraa dæ. I dæ sama kom katten inn. Daa blei 'n so rædd, 'n skalv all samen o flaug uppaa bore ell dæ va benken.

„Eit slikt dyr ha e alder sett!“ sa 'n.

Folkje i huse tok te tèlja før 'n o prøva førklare før 'n, aat dæ va daa slett inkje noko faarlegt

dyr, men fælt nyttugt te ta mus, og der i bygde hadde dei no slike dyr paa hørr garen, sa dei. So fekk dei daa stagga paa 'n, o teslutt vart 'n gla i katten, o han vart førlikt mæ ma'n, aat 'n skulde kjøpe isamen ein flokk katta o kattonga te Sankthans, naar nommedølen kom att o skulde sanke fe.

Ja, om vaaren kom 'n Tøstein att, o ma'n paa Raulannsstraande hadde gjort, som 'n ha løva — kjøpt ei heil drift mæ kattu. Men daa 'n Tøstein fekk sjaa so maange kattu paa ein sta, vart 'n so rædd att, aat 'n tok tane fraa heile greia.

Ma'n sto att o sette solhylle: „Nei slik tøsk hev e daa alder sett!“ sa han.“

Driftebøndane gjorde det jamnan godt, og mange tente seg rike.

* * *

I 40-aari tok mange til med skreppehandel. Det var dei sprækaste unggutane, som tok ut soleis. Dei kjøpte full ei stor lérskreppe, mest dei orka krabbe under. Det var mest smaating, turklæd, traad, knappar, o. dl. Gildast tende dei, naar dei kunde faa tak i ting, som ikkje var handla med fyrr der paa staden.

Dei fysste kraamkarane fraa Numedal fór mest aust i grannebygdine mot Sverik. Men det var mange, som reiste i Sverik med. Det var daa helst i Herjedalen, Vermland og Bohuslen. Og *dei* tende no best. Men so var det det, dei hadde ikkje lov aa handle med utanlands vare, og soleis kom dei tidt i knipa.

Gamle lærar Staaland fortalde:

E hadde ein bror, e, som gjekk i Sverje, han o ein te. Dei laag paa ei stelle, uti eit kammers, o skrep-

pun deires sto onde bore inni stugo. So va dæ vel eingol filletraven, som hadde melt dei, o lessma'n kom o spurde, om dæ va nokon fremmin der. Jau, dæ laag daa to kara' uti kammerse. Daa lessmann tok te spørja karan ut, sa dei, aat dei va folk, som fór vilde faa arbei. Men lessma'n tok dei, o dæ bar like te Karlsta, o skreppun va mæ. Daa dæ gjekk i dæ hare, nekta karan, aat dæ va deires skreppu'. So vart dæ sak. Men so hadde den bror min skrivi til lessma'n, om 'n konna faa ei skjurte o nøkle søkka. Daa sakje kom før retten, kom lessma'n mæ datta.

„E trong dæ, o ein kann be'a om ein ting, men dæ æ meir om o faa dæ,“ sa 'n, nommedølen.

Men so synde lessma'n dommaran breve, o daa nekta hin, aat 'n hadde skrivi dæ. So truga dei 'n te skrive, vilde sjaa om dæ vart likt, veit du, o so kann du mest skjøne høss skrifte vart daa. Daa dommen va avsagd, lua den, at dæ inkje va deires skreppu'. O dæ som meir va: lessma'n vart sjøl i beit o maatte bøte, før 'n ikkje hadde fari rett fram mæ dassa skreppun.

Ettepaa so sa 'n, bror min, aat dei vilde ha bitaling før, dei hadde vørte burthefta mæ datta. Dommaren sa kje ana dæ konna vera rett, men dæ vilde ta so laang ti mæ sakje, aat 'n vilde raa dei te lata vera mæ dæ. O dæ gjore dei, takka før se o gjekk.

So va dæ sama karan, — dæ æ best, du fær høyre dæ mæ —: Dæ va her aust paa lande, dæ. Der va dæ ein lannhannlar, som va so førmeggje ettesitin ette slike hannlara. So hadde han meldt dei, o lessma'n kom o tok skreppun deires. Dæ va ei viss

mult, dei skulde ut mæ, o so snugga dei se o gjekk te futen. O so vilde no han vita ærenne deires. Ja, dei kom o vilde bitala multe, dei va ilagde.

„For no tøv!“ sa futen; „De kunne ha lov til aa handle, de som andre. Men jei er lovens mann aa maa vel ta imot,“ sa han.

So spurd 'n dei hør dei va ifraa, kann du vita, o dei sa nó dei *va* fraa Nommedal, dei. So spurd 'n dei, om dei hadde hannla i Nommedal. Nei, dæ hadde dei daa inkje. Ja, dæ va no hass plikt o melde dei te futen i Nommedal; men naar dei va so redele kara', aat dei sjølve kom o bitala multe, so skulde dei sleppe.

„Men høss ska me no faa att skreppun?“ sa dei.

Jau, han skulde skrive til lessma'n. Men dei laut vera váre o inkje hannle der i nærheite, sa 'n.

So ska du høyre: So var det sessjon paa sama garen, som dennan stygge lannhannlaren budde. Skreppekarane va væl kjende paa hørr garen o fortalde, høss dæ va te-gangje -- o *gav* burt all vara si; men ettepaa fekk dei si fulle bitaling før 'o. Solein kom dei te selja burt alt dæ dei hadde, mitt før nasan paa lannhannlaren. O 'n visste nøkk, høss dæ hekk ihop, han mæ, men fekk inkje gjera dei noko før dæ, kann du vita.“

For 40-50 aar sea vart det meir slutt med handelsferdine i Sverik og paa austlande. Istaden tok dei Vestlande for seg. Det var i Romsdalsbygdine, Nordfjord og Sunnfjord og bygdine kring Bergen og sudetter, dei mest heldt seg. Og so kjøp'e dei med seg att ullvare vestanfraa og selde i heimbygdine. Men der paa Vestlande raadde dei ikkje grunnen aaleine. Vossingane

og andre var heite til henge i med dei, og som det leid uti 80-aari, tok numedølane meir og meir til reise paa Nordlande med handelen sin. Baade i bygdine og serleg ved fiskeværi der hadde dei framifraa avsetnad.

Men etterkvart grodde det upp landkræmarar som paddehattar utover i bygdine alle stadir, og ved hundreaarskifte var det paalag slutt aa fara med skreppa.

Dei var godt trudde numedølane i andre bygdir. Lærar Staaland fortalde:

„Dæ va eingong ein nommedøl, som skulde te Stavanger. Paa vegen gjekk 'n førbi ein lannhannlar, som ba 'n ta mæ se ein slomp mæ peng te ein kjøpmann i by'n.

„Dæ ska e nøkk," sa nommedølen; „men e æ ein ukjend man før de, e konna gjønne reise, mæ alt sama."

„E du kje fraa Nommedal daa?" sa lannhannlaren.

„Jau dæ æ e", sa nommedølen.

„Ja daa vaaga e me," sa hin."

Skreppekarane var jamnan gjæve gjenteleikur baade i heimebygdine, og der dei fór paa ferdine sine. Ikkje so sjeldan fann dei seg ei blenkje burti framande bygdir og tok med seg heimatt til kjerring. Og jamnan dusta dei med gjentune, der dei fór. Men stundom gjorde dei væl mykje av det.

Han Steinar Gladheim fraa Vegglid fór med kraamhandel i Telemorki. I Selgjord vart 'n kjend med ei gild gjente, vart haldi, heitte Guro Vefall. Ho fekk eit baan, som numedølen skulde vera far til; men han vilde banne det ifraa seg og ikkje ha meir med Guro.

„Du kan kje vente, e vil ha de, e, som kann faa lensmannsdottere, som har tusen daler aa eit kvartel smaapeng!“ sa han til ho paa forhøyre.

Eit stev fraa Selgjord luar so:

Steinar Glaheim han gjore ille,
som narra Guro, som va saa gjille.
Aa Guro Vifall fekk hjartesut,
fe Glaheims-kjeltringjen skjemd'o ut.

Steinar Trondkleiv i Selgjord hadde fritt til Guro fyrr, men ho vilde ikkje ha 'n. Daa ho fekk detta baane, meld 'n seg paa nytt lag; men det vart *nei* daa med.

Um dette er det au eit stev fraa Selgjord:

Steinar Trònkleiv gjekk kjeik mæ skreppa,
aa tenkt 'n skulde faa Glaheims-ekkja.
Men Glaheims-ekkja gav knubbe or:
„Du kann struk' i aar, som du gjor i fjor!“

Mor aat 'n Steinar Gladheim var med paa tinge paa Mogen i Vegglid og vilde sjaa baane, naar Guro møtte upp med det paa forhøyre der; ho vilde ikkje, han skulde gjera eid.

Baane aat Guro og Steinar var ein gut, som vart kalla Hallvor. Mori var so imot giftarmaale hans, men det muna ikkje. Daa lova ho, at ho skulde koma att, etter ho var død, og krympe honom. Eingong han kom fraa fesjaae i Selgjord, vart 'n so ille uti det i Gravestaa ved Gardvik um kvelden. Han var kje i hæve sea. Hovude var vridi skakt, og tunga hekk paa eine sida i kjeften.

*
* *

Desse handelskarane saag mangt og lærde mykje paa ferdine sine vidt og breidt, og dette kom i mangt

og mykje heimbygdi tilgode. Naar dei tilslutt slo seg til ro paa farsgarden sin, vart dei fyregongsmennar millom sambygdingane sine i gardbruk, fedrift o. a. Og som tidast hadde dei tent so godt, at dei hadde raad til koste baade paa hus og jord.

Men den gamle heimekulturen vart noko sundrivi ved dette. At soleis dei øvre bygdir i dalen var dei fysste til kaste den gamle staute klædebunaden sin, er noko, skreppekræmarane og fekarane lyt bera paa samvite sitt, vil eg tru. Og skuldi for at dei gamle skikkar i framferd og umgjenge er meir utvaska her enn uti dalen, lyt ein vel setja paa same lista.

Sjugurd Veraldrud.

(Fraa Uppdal).

Veraldrud er næst øvste garden i Uppdal. Her var han Sjugurd ifraa. Han var fehandlar og ein heluve, som fann paa mange spikk. Um sumrane, naar 'n laag i fjelle og gjætte fee sitt, hadd 'n ei liti fillehytte, som 'n heldt til i.

I ei onnor hytte ikkje langt undan, heldt det seg ein „normann", som var so ofte til 'n Sjugurd, og daa laut han koste paa 'n med mat og anna, og detta vart 'n leid. So var det eingong han fekk sjaa 'n burti halli, so tok 'n ei steinhelle og hita den glodraud og tok 'o med ei tong og fekk 'o paa ein høveleg plass og stelde det slik, at det var kje andre stadir aa sitja enn paa hella, naar 'n kom inn. Og rett nok: daa „normann" kom inn, so sett 'n seg paa steinhella i god tru. Men han hadde ikkje lengi siti, so spratt 'n upp.

„Ho æ nòk mesta heite denna heldo!" sa han.

Daa laag heile skinnbroke-baken att steikt paa hella.

Eingong kom det nokre reinsskyttarar til 'n, med 'n laag i fjelle. Dei vilde faa hus, og det fekk dei. So hadde dei skote ei simle og dragsa med seg. Um morgonen fór karane utatt paa jagt, og so bad dei 'n Sjugurd, um han vilde koke noko kjøt for dei, til dei

kom att. Jau, han skulde daa det. Daa dei hadde reist, so tok 'n likso godt heile simla og kruste ned i buhagskjelen og koka ho heil og haldi, som ho var. Daa karane kom att um kvelden, so spurde dei 'n no, um 'n hadde koka noko kjøt for dei.

„Ja, dæ æ visst noko burti dannan kjeien", sa han og peika for dei — og so strauk 'n ut.

Ei vende var det framande hjaa 'n nordi fjelle, og so hadd 'n koka haglette aat dei. Men so hadd 'n gjort sine ting i kjelen, og daa dei hadde eti eit bil kom dei nedpaa detta og fekk sjaa det. Daa var det, som dei misste matsmaken.

Det er mest hundre aar, sea Sjugurd Veraldrud livde.

Røyslann.

(Fraa Uppdal).

Dæ æ spaatt, aat noko taa Røyslann-berje ska raasaa ut, o berre smio o ba'stø'je ska staa att. —

Visst dei tok upp ein skuff der, skulde heile Røyslann brenne upp. Men han Ola tok 'n upp likevæl, han. Dæ va eit skjinnbrev mæ silkjeduska' i hynnunn, som laag der, o so nokon gamle sølpeng.

To gjentu laag i den store stugo ne'ai vegen. Daa høyrde dei, aat dæ drog upp o ne i takje mæ jønnlekkju.

Ola Ivarson Bjønnsru skjussa ein veginsjinør. Klukke va tøll om naatte, daa dei va ve Røyslann. Eit lite stykkjy norfør tingstugo stana hesten, o dei høyrde, aat dæ ramla i jønnlekkju onde karjolen.

Ein mann køyrde førbi der klukka tøll om naatte. So stana hesten, o han fekk 'n kje te gaa lenger. Han saag igjøno orehøle, o daa sto dæ ein mann o heldt hesten. Men daa tok hesten ut, so 'n fekk nesten ikkje stana 'n att.

Paa Røyslann va tingsta i gamall ti. Paa uppaastugo va dæ eit kammers før øvriheiti. So va dæ solein, aat dei la putu' paa benkjinn te sitja paa for

dassa storkarann; men dæ hadde dei glømt eingong. So kom kjeringje uppaa.

„Meine e inkje, futen sit førutta kødda!“ sa ho.

„Nei, mor, jei har dem nok“, sa futen.

Kodda va puta dæ. O va skjinntrekt paa eine sia, som vende ne, o paa den andre sia va dæ tøy.

Potet-Lars.

Potet-Lars var fraa Nore og hadde vori so ein raring all sin dag. Naar dei tala um gifting til 'n, so vart 'n vill og hard i augo.

„Gjiften æ verr 'ell drepen!" sa han.

Han hadde frjosi beini av seg, eingong 'n var paa frieri, ser du. Sea kunde han ikkje bruke vanlege skofot; han tolde kje den støyten, sa han. Men so gjorde han seg sko av bukkehonn, og han bruka aatte dagar til lappe dei, og eg veit ikkje anten det var sekstan eller syttan merkar, dei vog kvar.

„Dei faa vera baade vaksne aa vetuge, dei som ska gjera slike sko," sa han.

„Du arbeidde vel lengi paa dei?" sa dei.

„Aa ja! aa den ti e inkje arbeidde, so tenkte e," svara han.

I enden paa staven sin hadde han eit kyrhonn til pigg. Naar 'n kom tilgards kalde vinterdagen, høyrd' ein 'n lang veg.

Han gjekk alltid aa leidde paa ein hest, og uppaa ryggen paa denna hesten hadde han lødd ei heil klyv med alle slags filletullar, som heldt paa aa datt av, so 'n rokk ikkje stort meir enn leite dei uppatt og binde dei paa igjen. Kom det andre hestar innaat hans, banna 'n so det braadde ikring 'n, og det var kje godt vita, kven var galnaste, anten han eller fillegampen.

Han bruka av dessa gamle høge hattane paa hovude, med ein lem uppi kollen. I fysste høgdi paa denna hatten heldt den bustute skallen hans til. I andre høgdi hadd 'n formir og annan støypestyr, for han

var knappestøypar, skal du vita. So var det eingong, han hadde møtt futen, eller det var skrivaren, og lyfte paa hatten til 'n, og so druste det or 'n alt, som i var.

„Dei segja 'n tapa kje paa vera hyffele, men e tapa alt sama, e!“ sa han og til grava og leite og sanke saman att all reidskapen.

Og so vild 'n no vera „kryturdokter“; men det var kje rar greida.

Han fortalde um eingong, han skulde turke krut paa takka; men so vart det væl stor hite, so det tok eld fór 'n.

„Vinnauga ut, o dynne taa krokan, o husk ette mæ gutin mæ,“ sa han.

Det var med same, det fór tilvérs, det.

„Dei segja, Guss magt æ stor, men krumagte voro støre, før *den* sprengje baade berg o dala'!“ sa han.

Han laag paa ei sæter, heitte Skjønnegramin, og daa vart 'n sjuk og døydde, med 'n laag paa høytreve der.

Pengane sine hadde han gravi ned, sa dei.

Ymse smaastubbar.

Gygrestigen.

Det gjeng ei smal skor i fjelle millom Ulvvik og og Sèlsteigen paa austsida av Lògen. Paa eine sida er bratte floge beint til svarte elvi, paa andre sida er tverre fjellveggen. Det var eingong, gygri skulde fraa Sèlsteigen til Ulvvik. Daa aka ho seg fram paa fui etter fjelle. Det syner so væl etter akingi, liksom ei hylle etter fui hennar kvar gong ho hev flutt seg fram — og etter hendane ho har haldi seg med og teki seg fyri og sprikt med fingrane. Ho har vel vori rædd, ho kunna fari utover. Difor kallast denne skori Gygrestigen.

Det er so stygt aa gange denne stigen, at der er kje mange, som har hug til det. Men Ivar Sèlsteigen gjekk der med ei halvtunne konn paa ryggen, fortel dei. (Fraa Flesberg.)

Trono-steinen.

I Mòrkerudvatne ende hitanfor Vesl'øya ligg det ein noko-stor stein, som er kasta dit. Uppi Tekslehogge budde det eingong eit troll, som heitte Trond. Han var sinna paa ein her hitantil Lyngdal. Daa han skulde gifte seg og fara til kyrkja, fekk Trond uppi Hogge sjaa brurferdi ro over vatni, og so hivd 'n denna stein etter ho, men kom til hevja over og raaka kje.

Berre det ein ser av 'n ovan vatne skal det noko mange hestar til draga. (Fraa Lyngdal.)

Kjempur.

Det var tvo kjempur, som kasta stein paa einannan. Den eine stod paa Lidaasen, den andre paa Buserudhøgdi. Kjempa paa Lidaasen var visst sterkaste, men ho raaka ikkje. Tvo av steinane, ho hevde, datt ned paa Kampestadgjorde. Den eine av dei er so stor, han er kje god krabbe uppaa. (Fraa Lyngdal.)

Draken.

Det var eingong tvo, som var ute gjekk ein kveld. Det var maaneljost og fint vér. So visste dei kje orde av, fyrr dei fekk sjaa draken. Hovude var tett ved føtane deira, og skrotten naadde so langt dei saag. Det lyste av 'n og var alle slags litir paa 'n, og saag mest ut som ein sopelime. Um eit lite bil vart 'n tvert burte. (Uppdal.)

Mid-skipe i Gamlekyrkja i Uppdal.

Det er segn um, at midskipe i Gamlekyrkja skal ha stadi ovanfyre Braaflòt paa Kyrkjevollane. (Uppdal.)

Gapestokken.

Nordanfyre porten til Gamlekyrkja stod det ein gapestokk. Det var ein stolpe med ein jarnring i, som syndaren vart burdin i. Naar det stod ein stakar der, og kyrkjefolki gjekk framum 'n, so skulde dei sputte paa 'n. (Fraa Uppdal.)

Brudlaup.

Naar det skulde vera brudlaup i gamall tid, so gjerde

dei inn aaren med grove timmerstokkar, so dei ikkje skulde dette paa varmen, naar dei tok til slaast. Borde spikra dei fast til golve. (Fraa Uppdal.)

Gravøl.

Det var gravøl uppi dalen. So hadde dei drukki seg fulle, og daa dei skulde til kyrkja, køyrde dei so fort, at endefjøli gjekk or kista. Som dei kom paa Bakkeøyi, fekk dei sjaa, at dei hadde køyrt burt like. So maatte dei snu att, og dei fann det i Grønneflaataahaugane. Detta kann vera kring 200 aar sea. (Fraa Uppdal.)

Hallingar.

Før nøkle maange aar sea va dæ ein raring her i bygde, dei kalla Gauken. Levebrøe hass va dæ so imisst mæ, fór mykje o slarva kring i garan o førtalde nytt. O so va 'n no noko taa ein sme mæ. Han Sjugur Bakkan va komin fraa Hallingdal, o eingong so hadd 'n førtalt Gauken, aat der burte der bruka dei so mykjy o knivdraagaa inan, o daa hadde dei nøkle smaa stubbekniva. So fekk 'n øla 'n til smie upp heile mengdan mæ kniva tomen laange 'ell væl dæ o steld 'n avgare te Hallingdal o selja dei.

*

Før 80-90 aar sea kom dæ to hallinga te Tostru. Den eine 'eitte Endre; men so kalla dei 'n Endre 'Jøto, taa di 'n saag so stygg o morsk ut. Skjinnfellimakara va dei baae.

„Døyr dæ maange der burti daa? sa følkje i Tostru.

„Aanæi, dæ æ o ain o a'n; men me pela no aav eingol mæ knive," sa 'Jøto.

„Men slepp de aav mæ dæ daa?“ sa dei.

„Jau, me bala mæ karane, so me kann, o so gje me den daue skulle,“ svaaraa han. (Fraa Uppdal.)

Tingel paa ungane.

Dei hadde smaa tingl paa ongan før. E va burti Skurdalen paa ein sta. Folkje helt paa fóra i ein haug der, o so høyrd e eit tingl.

„Ha de heimegjeit?“ sa e.

„Nei.“

„Hø æ dæ før eit tingl, som læt daa?“

„Dæ æ vesle Jørøn.“

„Ha de tingl paa hena daa?“

„Ja, o æ burti kjørran o konna svint vikle se vekk, so me inkje fonno 'o att,“ sa dei. (Fraa Uppdal.)

1814.

I 1814 va de so lile vaar. Reiar Sønstebø reiste te Kongsberg o kjøpte eit kvartel kønn, som 'n bar paa ryggen heile dalen heimatt. Han kom her te Uvdal att marimessdagen, o daa va dæ so høgt gras i reinan uttate bygde, aat dæ bølja i vinden. (Fraa Uppdal.)

Bygdimillom.

Ein uppdøling skulde til byen, og so hadd 'n ei liti bjølle paa hesten sin. I Vegglid møtt 'n nokre karar, som skulde gjera seg til for 'n.

„Hø æ dæ før noko, som læt? sa dei.

„Aa dæ æ kje ana, ell dæ rangla i tarman i nokon svaale veggliinga,“ svara han. (Fraa Uppdal.)

*

Han Torleiv Underbakke var i Sandsvær. So møtt 'n nokre karar, som spurde, kvar han kom ifraa.

„E' kjem aavaante," sa han.

„Kjem du „aavaante"! Haa gjore Vaarherre paa i dag da?"

„O, han sat o greidde paa nokon gamle sannsvær-inga', men dæ va kje botevon paa dei," svara han Torleiv. (Fraa Uppdal.)

*

„Je hadde vant hesten min aav mæ aa eta, men saa kom dæ noko ana paa 'n, saa 'n daua," sa ein flesberging. (Fraa Vegglid.)

*

I svartedauden døydde mest alle folki i dalen ut. Det var berre tvo rjukande pipur i heile Numedal, ei paa Gjellerud i Flesberg og ei paa Kravik i Nore. Men so flutte det inn folk fraa andre kantar. Til Flesberg kom det svenskar, og til Rollag og dei andre bygdine uppover dalen flutte det inn jødar.. Difor er det so stor skilnad paa flesbergingane og dei andre folki i dalen. (Fraa Rollag.)

INNHALD:

